

Elise Hunnes Kvålseth

... fordi eg var tater
Ei narrativ analyse av taterar sine oppvekstforteljingar

2015
Masteroppgåve i barnevern
Høgskolen i Oslo og Akershus, Fakultet for Samfunnsfag

Samandrag

Frå byrjinga av 1900-talet og fram til 1986 vart barnevernstiltak retta mot taterborn som eit reiskap for å utviske taterkulturen, hovudsakleg i form av omsorgsovertaking og å skilje borna frå familie og romanimiljø. I denne studien har eg ynskja å belyse og utforske forteljingar frå nokre av dei som var ramma av denne politikken. Masteroppgåva tek utgangspunkt i følgjande forskingsspørsmål: *Kva slags forteljingar har menneske med romanibakgrunn om å vekse opp under Norsk Misjon Blant Hjemløse/barnevernet i ei tidsepoke der assimilering var eit politisk mål ovanfor gruppa?* Empirien baserer seg på åtte kvalitative intervju, der sju av informantane har vekse opp under omsorg av Misjonen/barnevernet, og ein har opplevd å bli fråteken søsken og egne born. Dei aktuelle hendingane i studien utartar seg frå 1920-talet til 1980-talet. Eg nyttar narrativ analyse for å tilnærme meg empirien.

Informantane i studien omtalar omsorgsovertakingane som kidnapping; dei vart henta utan forvarsel og utan moglegheit til å medverke. Forteljingane frå institusjonar handlar om streng disiplin, mykje fysisk avstraffing og mangelfull omsorg. Forteljingane om fosterheimar gjev eit tosidig bilete, nokre fortel om godt forhold til fosterforeldre, medan andre skildrar ”umenneskeleg behandling” også der. I møte med lokalbefolkninga dei stadane informantane vaks opp er óg historiene varierte, men møte med medelevar og lærarar teiknar eit bilete av ein kvardag med omfattande mobbing, utestenging og stigmatisering. Oppveksten under offentleg omsorg betydde for dei fleste informantane å miste kontakt med biologisk familie. Oppvekstforteljingane vert sett som avgjerande for store vanskar, og for eit ”øydelaagd liv” som nokre seier. I narrativa vert tateridentiteten ei viktig tolkingsramme for å setje dei vanskelege erfaringane i ein samanheng, med bakgrunn i at dei var ei forfølgd folkegruppe.

Ut i frå oppvekstnarrativa føreslår eg å sjå ”tater” som eit stigma og ein subjektposisjon. Saman vert dette analysereiskap som utforskar forteljingane og kva det kunne bety å vere kategorisert som tater. Det ser mellom anna ut til å medføre å bli tilskrive nokre negative eigenskapar (og subjektposisjonar), samstundes som det gjev store avgrensingar for oppveksten med utgangspunkt i den behandlinga dei får. Eg har vist korleis informantane forhandlar om eigen identitet i det dei ikkje godtek å bli sett som mindreverdige, men i staden posisjonerer seg som *offer* for ein undertrykkjande organisasjon.

Abstract

From the beginning of the 1900s until 1986, Child Protective Services (CPS) took action against romani children as a tool to try to eventually erode the romani culture, mainly in the form of obtaining custody of the children as a means to separate them from their families and the romani culture. In this study, I would like to shed light on and explore explanations from some of those affected by this policy. My Masters thesis is based on the following research question: *What types of stories do people with romani background have growing up under the Norwegian Mission Among the Homeless/Child Protective Services in an era when assimilation was a political goal for the group?* The empirical data is based on eight qualitative interviews, where seven of the subjects grew up under the care of the Mission/CPS, and one experienced being separated from his siblings and own children. The actual events in the study took place from the 1920s to the 1980s. I use narrative analysis to approach the empiric.

Informants in the study reviewed custody as kidnapping; they were taken without warning and without option to consent. Stories from institutions told of strict discipline, corporal punishment, and inadequate care. Stories from foster homes gave differing pictures - some telling of good relationships to foster parents, while others described “inhumane treatment.” The stories also vary when meeting the locals where the informants grew up, but in meeting with students and teachers, they draw a picture of an everyday with extensive bullying, exclusion and stigmatization. Growing up in the system meant that most of the subjects lost contact with their biological family. Childhood stories were seen as decisive for large difficulties, and for a “destroyed life,” as some would say. In the narratives, romani identity was an important framework for interpreting and putting the challenging experiences in a larger picture, with the background being that they were a persecuted people group.

Based on the adolescent narratives, I suggest to show “tater”/”gypsy” as a stigma and a subject position. Together, these analytical tools explore the narratives and what it could mean to be categorized as a ”tater”/”gypsy”. It seems, among other things to be moving towards being ascribed negative traits (and subject positions), at the same time as it presents major constraints for the formative years based on the treatment they received. I have shown how the informants deals with their own identity, in that they do not agree to be seen as inferior, but instead positions themselves as victims of an oppressive organization.

Oslo and Akershus University College, Faculty of social sciences
Oslo 2015

Forord

Å skrive masteroppgåve har vore eit krevjande prosjekt å ta til på etter svangerskapspermisjon og ei sjukdomsperiode. Det gjer meg særleg takksam til dei som har vore med og bidrege i prosessen. Det har vore avgjerande for meg.

Tusen takk til vegleiar Karen-Sofie Pettersen. Du har vore tilgjengeleg og hjelpsam gjennom heile prosessen, og du har gjeve grundige og konstruktive tilbakemeldingar. Ikkje minst har forskingsarbeida dine vore til stor inspirasjon. Tonje, takk for samarbeidet, og for at du var så raus og tolmodig med meg når samarbeidet ikkje gjekk som planlagt frå mi side. Det set eg umåteleg stor pris på. Anita, du har vore ein god og viktig støttepartner i skrivefasen; eg har sett stor pris på kontakten vi har hatt. Tusen takk til Lyndee som hjalp meg med det engelske samandraget.

Takk til alle som hjalp i prosessen med å rekruttere informantar til studien; både leiar av ein organisasjon som ivaretek interesser til romanifolket/taterar, og einskildpersonar som hjalp oss å formidle kontakt. Takk til kontaktpersonen vi hadde som ville møte meg og medstudenten min og gje nyttige tips til studien. Takk til tater-/romaniutvalet som lot medstudenten min delta på eit intervju.

Pappa og Olav, tusen takk for all hjelpa de bidrog med, den var uvurderleg! Det hadde blitt vanskeleg å gjennomføre utan. Elles takk til mamma og pappa for at de heile vegen har spurt meg korleis det har gått med oppgåva, og at de har lytta, oppmuntra og kome med råd. Takk for gjennomlesing og innspel, takk at de velviljug har passa Benjamin, og takk for ivaretaking ved invitasjonar og serverte middagar. Takk til Bjørnar for gjennomlesing av oppgåva, samt støtte, oppmuntring og engasjement gjennom heile prosessen.

Vesle Benjamin, du har vore eit stort lyspunkt for meg og ein fin og etterlengta distraksjon som har hjelpe meg å kople ut oppgåva. Jørn-Arve, tusen takk for alt ansvaret du har teke (og tek) på heimebasis, og alle timane med arbeid i heimen som du har lagt ned denne perioda. Takk for at du har vore heime med Benjamin når han har vore sjuk slik at eg har fått jobba med oppgåva. Takk for at du har vore tolmodig med meg og mine frustrasjonar denne tida, og takk for at du er der og høyrer på meg.

Sist, men ikkje minst, tusen hjarteleg takk til dykk som stilte opp til intervju og ville dele av liv og erfaringar! Eg kjenner meg privilegert som har fått høyre og fordjupe meg i dei sterke historiene dykkar. Eg vonar de opplever å ha fått noko attende.

Volda, den 15. mai 2015

Elise Hunnes Kvålseth

INNHALDSLISTE

SAMANDRAG	II
ABSTRACT	III
FORORD	IV
1 INNLEIING	1
1.1 PRESENTASJON TIL TEMA OG PROBLEMSTILLING	1
1.2 RELEVANS FOR FAGFELTET BARNEVERN	1
1.3 KUNNSKAPSSTATUS	2
1.4 OMGREP	2
1.5 BAKGRUNN FOR VAL AV TEMA	3
1.6 OPPBYGGING AV OPPGÅVA	3
2 HISTORISK BAKGRUNN OG FORSKING PÅ ROMANIFOLKET OG BARNEVERN	4
2.1 HISTORISK BAKGRUNN	4
2.2 FORSKING OG STUDIAR PÅ ROMANIFOLKET OG BARNEVERN	6
<i>Samarbeidet mellom Misjonen og barnevernet</i>	6
<i>Misjonen og forholdet til foreldra</i>	6
<i>Misjonen og forholdet til borna/unge under Misjonen sin omsorg</i>	7
<i>Born sine opplevingar med å ha vekse opp under Misjonen sin omsorg</i>	8
2.3 OPPSUMMERING	9
3 TEORETISK RAMMEVERK	10
3.1 SOSIALKONSTRUKTIVISME OG POSTSTRUKTURALISME SOM VITENSKAPSTEORETISK UTGANGSPUNKT	10
3.2 NARRATIV TEORI	11
<i>Diskurs og narrativ teori</i>	13
3.3 NARRATIV ANALYSE	14
3.4 SUBJEKTPOSIJON OG POSISJONERING	16
3.5 STIGMATISERINGSPROSESSAR	19
3.6 OPPSUMMERING	20
4 DATA OG METODISKE VEGVAL	22
4.1 KVALITATIV METODE	22
4.2 PRESENTASJON AV DATAMATERIALE	22
<i>Presentasjon av intervjudata</i>	23
<i>Anonymisering</i>	23
4.3 INTERVJUMATERIALET BLIR TIL	23
<i>Rekruttering av informantar</i>	23
<i>Utføring av intervju</i>	24
<i>Transkribering</i>	25
4.4 ANALYSEARBEIDET	25
4.5 REFLEKSJON OVER MATERIALET	27
<i>Rekrutteringsprosessen</i>	27
<i>Vurdering av intervjusituasjonen</i>	27
<i>Transkribering</i>	28
<i>Relasjonen mellom forskar og informant</i>	29
<i>Tankar kring studien sin validitet og reliabilitet</i>	29
4.6 ETISK VURDERING AV DATA OG METODE	30
<i>Informert samtykke og konfidensialitet</i>	30
<i>Etiske problemstillingar ovanfor informantane og romanifolket i Noreg</i>	31
4.7 OPPSUMMERING	32
5 FORTELJINGAR OM OPPVEKST	33
5.1 KORT PRESENTASJON AV INFORMANTANE	33
5.2 OMSORGSPLASSERING	34

<i>Vanskelege forhold i biologisk familie</i>	38
5.3 OPPHALD PÅ ULIKE BARNEHEIMAR OG INSTITUSJONAR	38
5.4 FOSTERHEIMSPASSERINGAR.....	43
5.5 FLYTTINGAR.....	44
5.6 KONTAKT MED BIOLOGISK FAMILIE.....	45
5.7 MØTE MED LOKALBEFOLKINGA	47
5.8 OPPSUMMERING	49
6 Å SKAPE MEINING I DET VANSKELEGE.....	51
6.1 ... ”FORDI JEG VAR TATER”	51
6.2 ”JEG SITTE JO MED ØDELAGT BARNDOM OG VOKSENLIV”	55
<i>Ei kopling mellom oppvekstforteljingar og vaksenliv</i>	55
<i>”Det verste dem gjorde var å splitte familiene”</i>	56
6.3 OPPSUMMERING	59
7 SUBJEKTPOSIJON SOM TATER OG HANDLINGSROM.....	60
7.1 TATER SOM STIGMA OG SUBJEKTPOSIJON	60
7.2 HANDLINGSROM.....	63
7.3 FORHANDLING OM SUBJEKTPOSIJON	66
7.4 OPPSUMMERING	69
8 AVSLUTNING	70
9 LITTERATURLISTE.....	73
VEDLEGG 1: GODKJENNING FRÅ NSD	80
VEDLEGG 2: MAIL FRÅ NSD OM ENDRINGSMELDING.....	82
VEDLEGG 3: INFORMASJONSSKRIV SENDT TIL ORGANISASJONAR.....	83
VEDLEGG 4: INFORMASJON OG SAMTYKKEERKLÆRING FOR DELTAKELSE I STUDIE.....	84
VEDLEGG 5: INTERVJUGUIDE.....	86

1 Innleiing

1.1 Presentasjon til tema og problemstilling

Men kirkesystemet kan aldri gjøre opp igjen det de gjorde mot de reisende. Der er en stein i Oslo, Skammens stein, der mange ligger begravde. De lobotomerte mange med bårremaskiner, og kastrerte unge jenter, og... Nei, det var forferdelig, og så ble de piska og slått på barnehjemmaene, vet du.

Med disse orda skildrar ein av informantane i denne studien nokre følgjer han meiner tiltaka retta mot romanifolket på 1900-talet i Noreg fekk. Romanifolket tilhøyrrer ein etnisk minoritet i Noreg som har vore i landet i fleire hundre år (Gotaas 2000, 32-34). Når eg vel å fokusere på denne folkegruppa i masterarbeidet mitt, er det fordi eg ynskjer å kaste ljøs over ei brutal historie som har skjedd i regi av den norske stat nært opp til vår tid (heilt fram til midten av 80-talet). Denne studien sitt formål vil vere å belyse opplevingar menneske med romanibakgrunn har med å vekse opp under barnevernet/Norsk Misjon Blant Hjemløse (Misjonen) sin omsorg i det første århundre, og slik setje søkjeljoset på nokre konsekvensar norsk politikk hadde for dei. Eg vil utforske oppvekstforteljingane dei har, sjå på korleis dei fortel om barndommen sin, og korleis dei ser og forstår barndomsopplevingane sine i notid.

Problemstillinga eg tek utgangspunkt i er som følgjer:

Kva slags forteljingar har menneske med romanibakgrunn om å vekse opp under Norsk Misjon Blant Hjemløse/barnevernet i ei tidsepoke der assimilering var eit politisk mål ovanfor gruppa? For å svare på dette spørsmålet gjer eg ei narrativ analyse av transkripsjonane frå åtte intervju av menneske med romanibakgrunn, der sju av dei har vekse opp under Misjonen/barnevernet¹ sin omsorg i det første århundret.

1.2 Relevans for fagfeltet barnevern

Denne studien tek utgangspunkt i oppvekstforteljingar til menneske som har vekse opp under barnevernet i det første århundre. Dette var til ei historisk anna tid, og barnevernet har endra seg i stor grad sidan den gong. Likevel kan kunnskap om historia vere viktig og relevant, og det kan gje eit grunnlag for å vidareutvikle barnevernet også i dag. Denne studien utforskar personlege opplevingar frå menneske barnevernet si verksemd har retta seg mot. Dei opplevingane som kjem fram i narrativa, viser óg til forhold som er relevante i barnevernet i dag, som til dømes å flytte mange gonger (Havik og Christiansen 2009, 31-33), å vekse opp

¹ I 1953 kom barnevernlova og erstatta vergerådslova. Det vi i dag kallar barnevern, var dermed kalla vergeråd fram til 1953.

med lite kontakt med foreldre og familie, mangel på innflyting og medverknad (Seim 2007, 74-78), og å bu på institusjon eller fosterheim der eigen kulturbakgrunn gjerne er framand for omsorgsgivar (Skytte 2008, 235-236). Ein måte å anerkjenne opplevingar til menneske med romanibakgrunn som har vekse opp under omsorg av barnevernet/Misjonen, kan vere ved å ta erfaringane deira på alvor og dra lærdom av det.

1.3 Kunnskapsstatus

På oppdrag frå Sosial- og helsedepartementet sette Norges forskningsråd på midten av 1900-talet i gang eit omfattande forskingsarbeid for å granske politikken som hadde vore retta mot romanifolket i Noreg og følgjene av denne (Hvinden 2000, 7-10). Forskningsrådet sitt arbeid omfatta prosjekt om sterilisering, om romanifolk sine egne erfaringar med praktiseringa av politikken, om tiltaka som var retta mot borna av romanifolket og om erfaringar med å vere tater i dag. Slik sett har politikken og følgjene for romanifolket fått ei nøye gransking.

Romanifolket si historie har likevel hatt lite fokus og merksemd utover dette, sett i forhold til at det er eit stort kollektivt overgrep så tett opp til vår tid. I juni 2015 skal det óg publiserast ein NOU på bakgrunn av ei vidare og meir fullstendig gransking av kva politikk og tiltak som var retta mot romanifolket. Denne granskinga står tater-/romaniutvalet for.²

Det som er annleis i denne studien i motsetnad til tidlegare forskning, er at eg nyttar narrativ analyse for å utforske born sine oppvekstforteljingar med å ha vekse opp under omsorg av Misjonen/barnevernet. Dette prosjektet vil kunne bidra med ei ny vinkling på situasjonen til dei som vaks opp på denne måten, samstundes som det vil vere med å gje ei ytterlegare gransking av konsekvensane politikken hadde for borna.

1.4 Omgrep

I 1999 fekk taterar/romanifolk status som nasjonal minoritet saman med kvener, jødar, rom og skogfinnar (Stortingsmelding nr. 15 (2000/2001)). Nasjonal minoritet viser til grupper med lang tilknytning til Noreg.³ I denne oppgåva kjem eg til å bruke både omgrepet ”romani-/romanibakgrunn/romanifolk” og ”tater” om folkegruppa. Tater er eit omgrep som det historisk sett har vore knytta negative kjensler til, men omgrepet har blitt teken i bruk att med formål om oppreising for gruppa og i eit forsøk på å skape positive assosiasjonar til ordet

² <http://www.jus.uio.no/smr/om/tater-romaniutvalget/>

³ <https://www.regjeringen.no/nb/tema/urfolk-og-minoriteter/nasjonale-minoriteter/midtpalte/grunnlaget-for-politikken-overfor-nasjon/id444285/>

(Hvinden 2000, 12-13). Dette vil også vere mitt formål med å bruke omgrepet. I tillegg har ulike grupperingar av taterar i Noreg ulike preferansar på å bli kalla romani eller tater, og dette er noko eg ynskjer å ta omsyn til.

1.5 Bakgrunn for val av tema

Våren 2012 deltok eg på eit opplegg ved Høgskolen i Oslo og Akershus, og fekk informasjon om ulike prosjekt eg kunne søkje om å bli med på i samband med masteroppgåvearbeidet. Karen-Sofie Pettersen fortalde om historia kring romanifolket og barnevern, og informerte om samarbeid med tater-/romaniutvalet som skulle granske politikken som var retta mot taterane på 1900-talet. Av ulike grunnar vart samarbeidet med utvalet likevel ikkje noko av. Men eg vart gripen av historia til romanifolket og var forundra over at eg ikkje kjende til denne brutale historia som fann stad heilt fram til 1980-talet. Saman med ei fagleg interesse for etiske forhold som utøvarar for ein maktutøvande institusjon som barnevernet, var dette grunnlaget for mitt val av tema til masteroppgåve. Dette danna óg utgangspunktet mitt i det eg gjekk inn i arbeidet. Førforståinga mi var prega av å sjå denne epoka som eit etisk brist i norsk historie, samt at kulturbakgrunnen var avgjerande for at taterane vart behandla nedverdiggande.

1.6 Oppbygging av oppgåva

I kapittel 2 går eg gjennom den historiske bakgrunnen for romanifolket i Noreg. Deretter følgjer ein presentasjon av sentral forskning på romanifolket og barnevern. Kapittel 3 tek for seg det teoretiske rammeverket studien byggjer på, som er narrativ teori og narrativ analyse, analytiske tilgangar som subjektposisjon og handlingsrom, og teori på stigmatisering. Kapittel 4 viser dei metodiske vala for studien og prosessane som har ført fram til den endelege rapporten. Vurderingar av metodologien og refleksjon over nokre etiske problemstillingar ved arbeidet inngår også i dette kapitlet. Kapittel 5, 6 og 7 utgjer presentasjon og analyse av empirien. I det første analysekapitlet viser eg ulike oppvekstnarrativ med utgangspunkt i ulike tema, og dei to neste kapitla vil basere seg på narrativa frå dette kapitlet. I det andre analysekapitlet er utgangspunktet korleis informantane ser og forstår oppveksterfaringane sine, og korleis dei plasserer det i ein større samanheng. Det siste analysekapitlet er via til å utforske oppvekstnarrativ ved hjelp av det analytiske omgrepet subjektposisjon saman med det teoretiske omgrepet stigma. Også omgrepa handlingsrom, posisjonering og storyline inngår i denne analysen.

2 Historisk bakgrunn og forskning på romanifolket og barnevern

I denne delen følger ein kort presentasjon av den historiske bakgrunnen til romanifolket i Noreg, samt vise noko av forskinga som har blitt gjort kring romanifolket og barnevern.

2.1 Historisk bakgrunn

Romanifolket, også kalla "taterar" eller "dei reisande" er ei folkegruppe som har vore i landet gjennom fleire hundre år, utan at ein veit heilt sikkert når dei kom (Minken 2009, 432-433). I følgje historikaren Anne Minken har folkegruppa antakeleg opphav frå dei vest-europeiske sigøynergruppene (2009, 435). Romanifolket er frå gammalt kjenneteikna av å ha ei familiebasert, reisande livsform (Gotaas 2000, 18). Dei har periodevis vore sosialt utstøytte mellom anna fordi dei ikkje har slått seg ned som "bufaste", ikkje har teke fast arbeid og ved at dei har hatt sin særeigne kultur som gjerne har skilt seg ut i frå den lokale kulturen (Hvinden 2001, 7-9).

I lovverk heilt tilbake til 1500-talet i Noreg var taterar saman med andre omreisande grupper særskild nemnt som mål for ein hard politikk; med strenge tvangs- og straffetiltak retta mot seg (Gotaas 2000, 34; Hvinden 2000, 13; Schlüter 1993, 71). Politikken mot denne gruppa har alltid hatt som utgangspunkt å få dei til å oppgje sin levemåte eller hindre deira nærvær, og dei hadde på mange måtar ei rettslaus stilling i det norske samfunnet til og med inn på 1900-talet (Schlüter 1993, 71-77). På slutten av 1800-talet og byrjinga av 1900-talet vart tiltaka mot taterane utvida frå reine tvangs- og straffereaksjonar til også å skulle påverke dei mot å gje opp sin eigen kultur og levemåte med særleg vekt på den nomadiske livsforma. Tiltaka vart no retta mot borna som skulle sikrast kristen oppseding og skulegang (Hvinden 2000, 14). Det var hovudsakleg skikkelsar i kyrkjelege kretsar som stod i bresjen for denne vendinga. Romanifolket sin kultur vart sett på som umoralsk og uheldig, og dermed var det til deira eige beste, og ikkje minst til borna sitt beste, å leve på ein annan måte (Hvinden 2000, 14). Det var også ein måte å vokte samfunnsutviklinga på fordi ein meinte at taterane hadde negativ innflyting på samfunnet. "Norsk Misjon blant Hjemløse" (Misjonen) var ein kristen organisasjon som frå 1897⁴ påtok seg å føre politikken mot romanifolket med mål nettopp om å få bukt med og avskaffe "omstreifervesenet" (Hvinden 2000, 15-16; Pettersen 1997, 2; Schlüter 1993, 79). Dette vart gjort i samarbeid med og på vegne av den norske stat, og tiltaka

⁴ I 1897 gjekk organisasjonen under namnet "Foreningen For Bekjempelse av Omstreifervesenet".

bygde mellom anna på Lov av 1. Januar 1900 lov om Behandlingen af forsømte Børn (vergerådslova) og Lov av 31. Mai 1900 lov om Løsgjænger, Betleri og Drukkenskab (løsgjengerlova). Misjonen fekk omfattande økonomisk støtte av staten og vidtrekkande fullmakter til å drive politikken, og arbeidet pågjekk heilt til 1980-åra (Pettersen 1997, 2-3). Pettersen påpeikar at politikken som vart retta mot romanifolket og rolla til Misjonen i det, må sjåast i ljøs av større politiske og historiske forhold (2000, 75; 2005, 11).

Dei viktigaste tiltaka Misjonen nytta i møte med romanifolket, var retta mot borna som skulle skiljast frå foreldra og familien sin, og på den måten frå kulturen og den kulturelle overleveringa (Pettersen 2000, 79). Dei skulle som nemnt påverkast til å bli gode, kristne samfunnsborgarar, og skulle ivaretakast og oppsedast i eit godt miljø og slik gjevast gode vilkår (Hvinden 2000, 14; Haave 2000b, 40; Pettersen 2000, 79-80). Ein meiner at vel 1500 born med romanibakgrunn til saman vart tekne av Misjonen (Hanisch 1974, gjengjeve i Marvik 1983, 37; Schlüter 1993, 81). Eit anna tiltak som vart nytta, var å jobbe med familiar til å bli bufaste, og då hovudsakleg gjennom å sende dei til Svanviken arbeidskoloni, der dei skulle bu og arbeide samt lærast til å leve på anna vis (Gotaas 2000, 239-243; Schlüter 1993, 82; Pettersen 2005, 55-63). Her var reglane mange og strikse, som for romanifolket innebar å fornekte eigen kultur og levemåte. Dei som budde der var under nøye oppsyn og streng kontroll.

Hovudmålsetjinga til Misjonen var å redde og hjelpe taterane ut i frå eit syn på at dei ikkje visste sitt eige beste, noko som på ulike måtar går igjen i organisasjonen sine eigne dokument (Pettersen 2000, 79-80, 85, 88). Men måten politikken vart utført på, hadde store konsekvensar for heile folkegruppa i Noreg og ikkje minst for dei som vart ramma direkte (Hvinden 2001, 20-28). I ettertid har behandlinga av romanifolket generelt, og av borna spesielt, vorte karakterisert som uverdigg, diskriminerande og krenkande. Ein stor del av dei som var plassert under Misjonen sin omsorg og som vaks opp på barneheimar og/eller fosterheimar, vart utsett for omsorgssvikt, vald og overgrep (Bjerkan og Dyrli 2001, 11-12; Fodstad 1999, 59-51; Sandvik 1999).

I dag veit vi at sterilisering vart nytta som eit tvangstiltak på fleire med romanibakgrunn med heimel i Lov av 1. juni 1934 lov om adgang til sterilisering m.v. (steriliseringslova) og Lov av 23. juli 1942 nr. 1 lov til vern om folkeætten, og nokre også utan heimel i lov (Haave 2000a, 389). Historikar Per Haave har vist at steriliseringslova av 1934 har ramma gruppa hardt

(2000a, 389). Nokre var ikkje ein gong klar over at dei vart steriliserte, då det gjerne skjedde i forbindelse med sjukehusinnlegging (Fodstad 2000, 141-144). I debatten rundt innføring av steriliseringslova, kom det fram haldningar frå fleire hald om at taterane var ”et undermåls folkeferd”, at dei var mindreverdige, at det var ein klar tendens til at mange fleire enn i befolkninga elles var sinnssjuka, psykisk defekte og liknande (Haave 2000b, 36-42; Marvik 1983, 42-43). Denne type rasehygienisk tankegang var ein del av grunnlaget for at sterilisering vart sett på som eit viktig tiltak, men det gjaldt hovudsakleg i mellomkrigstida og under 2. verdskrig (Haave 2000a, 347-348, 388).

2.2 Forsking og studiar på romanifolket og barnevern

Karen-Sofie Pettersen har forska ein del på tiltaka ovanfor romanifolket sine born (Pettersen 1997; 1999; 2005). Studiane baserer seg på dokumentanalyse frå offentlege dokument og frå Misjonens arkiv. I den seinaste studien ligg også 18 intervju av menneske med romanibakgrunn til grunn. Den følgjande framstillinga byggjer på hennar arbeid og delvis på andre sine forskingsarbeid.

Samarbeidet mellom Misjonen og barnevernet

Som nemnt var dei viktigaste tiltaka Misjonen nytta mot romanifolket retta mot borna. Pettersen og Hvinden viser at Misjonen sitt arbeid var nært samanvove med det offentlege barnevernet/vergerådet, og dei viser korleis lokale vergeråd vert oppmoda til å samarbeide med Misjonen og gje opplysingar til Misjonen i dei sakene som omhandla taterar (Pettersen og Hvinden 2008, 25). Elles var Misjonen sitt arbeid i følgje Pettersen avhengig av lokale vergeråd/barnevernsmemnder i forhold til sjølve omsorgsovertakinga og det juridiske (Pettersen 1997, 84). Misjonen jobba aktivt inn mot vergeråd/barnevernsmemnder for å fremje vedtak om omsorgsovertakingar (Pettersen 1997, 89). Vidare finn Pettersen at Misjonen hadde stor innverknad på vergerådet/barnevernsmemndene sitt arbeid med sakene angående romaniborna, og at vergeråda/barnevernsmemndene var avhengige av Misjonen sitt arbeid med tiltak ovanfor borna (1997, 84).

Misjonen og forholdet til foreldra

Gjennom ulike saksdokument kjem det fram at taterane blir nedvurdert av både Misjonen og myndigheiter, og at Misjonen nyttar ein nedverdiggande, paternalistisk tone ovanfor foreldra (Pettersen 1997, 53, 87). Det Misjonen ofte kommuniserte til foreldra, var at omsorgsovertaking var nødvendig fordi dei hadde oppført og skikka seg dårleg og ikkje visste

sitt eige beste (Pettersen 1997, 87). Dette kan sjåast som ein måte å utøve makt og kontroll på. Livsforma til tatarane vart sett på og framstilt som øydeleggjande for borna, og reising var nytta som eit viktig argument i forhold til foreldra si manglande evne til å ta seg av eigne born (Pettersen 1997, 88 og 94). Når omsorgen for born først var teken, var det svært vanskeleg å få den tilbake (Pettersen 2005, 147). Pettersen hevdar at arbeidet med borna vart eit middel for å kontrollere foreldra si livsform (1997, 101). Også gjennom å sende familiar til Svanviken arbeidskoloni, utførte Misjonen streng kontroll med familiare gjennom det opplegget dei hadde der. Dersom familiare ikkje ”skikka seg” eller rømte, risikerte dei å miste foreldreretten til borna sine, noko som også vart tilfelle for ein del familiar (Pettersen 1997, 60-63; Pettersen 2005, 117-118).

Misjonen og forholdet til borna/unge under Misjonen sin omsorg

Pettersen viser at Misjonen hadde mykje kontakt med borna som stod under deira omsorg, og dette kom mellom anna til uttrykk i brevskrivning. Pettersen tolkar denne korrespondansen som ein måte å forhandle på for borna, til dømes om forståingsmåtar av situasjonen og om sin eigen autonomi (Pettersen 2005, 193, 208, 216-224). Borna vender seg i ein personleg tone til konkrete representantar for Misjonen. Pettersen viser at innhaldet i breva ofte ber preg av å skrive det mottakaren vil høyre, som ein måte å oppretthalde ein ”god” relasjon til personen, og i somme tilfelle med eit ynskje som blir ymta frampå. I dei tilfella forholda ved barneheim/fosterheim vert teken opp av borna, vert det som regel brukt vage skildringar (Pettersen 2005, 194). I nokre få tilfelle kjem sinnet fram, med truslar til dømes om ”ikkje å vere snill”, eller liknande (Pettersen 2005, 184, 199-202, 224).

Eit interessant funn i arbeidet til Pettersen er Misjonen si vektlegging av relasjon og tillit i arbeidet med borna, som ho påpeikar skiljer seg lite frå dagens miljøterapeutiske arbeid (2005, 209). Gjennom breva vert det også frå Misjonen si side nytta ein personleg tone som ved første augnekast kan verke romsleg. Likevel er representantane for Misjonen gjerne unnvikande og bagatelliserande når det kjem til forhold som er vanskelege rundt barneheim/fosterheim. Vidare går ofte innhaldet i breva på oppmodingar om å vere ”kjekk og grei” og oppmuntring om å halde ut (Pettersen 2005, 195-198). Pettersen viser også døme på korleis representantar frå Misjonen på den eine sida vender seg til borna med utprega forsøk på å etablere ein nær relasjon, medan ein i skriftlege notat om same bornet ser ei nedsetjande vurdering (2005, 206).

Born sine opplevingar med å ha vekse opp under Misjonen sin omsorg

I NOU 2004: 23 viser Befringutvalet ved si gransking av barnevernsinstitusjonar i perioda 1945-1980 at det forekom omsorgssvikt og overgrep ved institusjonar gjennom heile perioda. Vanskelege oppvekstopplevingar under offentleg omsorg på denne tida gjaldt med andre ord fleire enn taterborna.

Det er gjort fleire studiar av opplevingar og erfaringar med å ha vakse opp under Misjonen sin omsorg. I ei hovudoppgåve frå 1999 der ti personar er intervjuja, viser Anne-Berit Sandvik korleis borna var utsett for hard behandling. Straffene borna var utsette for var mange, og dei vart ofte utførte som følgje av bagatellar (Sandvik 1999, 120). Døme på straffer kan vere øyrefikar og slag i hovudet, lugging, slag med bjørkeris, pisk eller stokk, dusjing i iskaldt vatn og skrubbing med kost, sengestraff (ofte i seng som var våt etter sengevæting), og isolasjon på små, ofte mørke rom (Sandvik 1999, 121-137). I tillegg viser Sandvik at borna måtte gjennom ulike rituale når dei kom til heimane, som til dømes gynekologisk undersøking (1999, 63-69). Dette er opplevingar som vert skildra som svært krenkande. Sandvik skriv òg om seksuelle overgrep utført av ulike personar med tilknytning til institusjonen (1999, 242). Ein annan dimensjon ved å bu på barneheim, var den nedverdige måten dei kontinuerleg vart snakka til og det dei tilsette formidla om å vere tater som mindreverdige (Sandvik 1999, 254-262). Dette gjaldt hovudsakleg Misjonen sine barneheimar. Når det gjeld dagleglivet i institusjonar, skriv Sandvik at dei fleste fortel om nok mat og klede, men at det ofte var dårleg mat og slitte klede (1999, 77-83).

Hjørdis Fodstad har intervjuja 15 menneske med romanibakgrunn, og i hennar studie vert det skildra mange sterke opplevingar om store og utålelege tap, slik som tap av foreldre, søsken og egne born (også i forstand av ikkje å få halde kontakt med dei), ”tap av kroppens integritet” i form av seksuelle overgrep og fysisk straff, og tap av fruktbarheit ved sterilisering (Fodstad 1999, 46-57). På ulike måtar skildrast desse opplevingane som veldig vanskelege, opprivande, og ofte skamfulle. Samla sett utgjer det forteljingar om ein vanskeleg oppvekst som følgje av å vere tater.

Lise Bjerkan og Linda Dyrli har intervjuja 50 menneske med romanibakgrunn, der nokre av dei har vekse opp under Misjonen/barnevernet sin omsorg (2001). Forteljingane frå barneheimar kretsar rundt streng disiplin og mykje fysisk avstraffing, samt mangel på omsorg i form av positiv fysisk kontakt (Bjerkan og Dyrli 2001, 11-13). I fosterheimar fortel nokre

om trygge og stabile oppvekstar, medan andre fortel om erfaringar med overgrep og/eller streng disiplin, gjerne med bakgrunn i at dei var taterar (Bjerkan og Dyrliid 2001, 13-14).

Tonje Ørnevik har skrive masteroppgåve basert på den same empirien som denne studien, og finn at det var vanskeleg å oppretthalde kontakt med biologisk familie under Misjonen sin omsorg (2014, 47). Å bli sameina med biologisk familie opplevde alle informantane positivt, men ein del erfarte vanskar i familierelasjonar i etterkant av sameininga (Ørnevik 2014, 68-69). Graden av vanskar, viser Ørnevik at har samanheng med oppvekst og kva kontakt dei hadde til familiemedlemmer undervegs (ibid.). På bakgrunn av empirien konkluderer Ørnevik med at familietilhøyrse skapast i barndommen og ikkje på bakgrunn av biologi (2014, 72-73).

2.3 Oppsummering

I denne delen har fokuset vore retta på nokre deler av den historiske bakgrunnen til romanifolket i Noreg. Vi har sett mellom anna korleis det er ei folkegruppe som har vore stigmatiserte og utstøytte i det norske samfunnet gjennom fleire århundre. Vidare på 1900-talet skjedde det ei form for opptrapping i tiltak mot taterane der særleg borna skulle hjelpast til å bli gode, kristne, norske statsborgarar ved å skiljast frå familie og kultur. Misjonen var sentral i utføringa av politikken mot romanifolket, og dette utarta seg gjennom maktutøving der born og foreldre i kontakt med organisasjonen hadde lite moglegheit til innflyting. Borna som vaks opp under Misjonen og barnevernet sin omsorg, skildrar vanskelege oppvekstar med streng disiplin, strenge straffer og vanskjømte.

3 Teoretisk rammeverk

I dette kapitlet kjem ei utgreiing av det som dannar det teoretiske rammeverket for denne kvalitative studien, og såleis kva teoretiske perspektiv analysen av datamaterialet byggjer på. Presentasjonen startar med det vitenskapsteoretiske utgangspunktet for oppgåva. Deretter vert narrativ teori presentert, som er sentralt då det viser til det teoretiske grunnlaget for narrativ analyse. Etter det følgjer ein gjennomgang av narrativ analyse og kva det kan innebere. Vidare vert det gjort greie for dei analytiske omgrepa subjektposisjon, posisjonering og handlingsrom. Til slutt rettast fokuset på stigmatisering som sosialt fenomen.

3.1 Sosialkonstruktivisme og poststrukturalisme som vitenskapsteoretisk utgangspunkt

Narrativ analyse kan gjerne plasserast innan ei sosialkonstruktivistisk vitenskapsteoretisk retning (Jansen 2013, 34-36; Ritchie 2013, 64). Eit sosialkonstruktivistisk vitskapssyn vil dermed vere utgangspunktet i denne studien, og deler av analysen vil óg dra veksling på poststrukturalistiske analysereiskap. Sosialkonstruktivismen er ei vid vitenskapsteoretisk retning som famnar om mange teoriar og disiplinar (Jørgensen og Phillips 1990, 13). Poststrukturalismen vert gjerne plassert som ein del av sosialkonstruktivismen (Jørgensen og Phillips 1990, 15). Poststrukturalismen kan kategoriserast som ein radikal variant av sosialkonstruktivisme (Thomassen 2006, 181) i det den avviser at vi kan kome fram til ei endeleg sanning om eit fenomen (Søndergaard 2000, 63). Til grunn for begge retningane ligg ein tankegang om at verda er sosialt konstruert; det vil seie at ulike fenomen er skapte av oss som menneske og produsert i ein sosial kontekst (Burr 1995, 1-8; Nordtvedt og Grimen 2004, 155). Det inneber óg at forståinga vår av eit fenomen i stor grad er prega av kulturen og den historiske tida vi lever i (Burr 1995, 3-4). Eit anna viktig prinsipp innan desse vitenskapsteoretiske retningane er at verda berre er tilgjengeleg for oss gjennom språket. Gjennom språket skapar vi ein representasjon av røynda, som i praksis tyder at språket aldri er eit direkte bilete på korleis røynda eigentleg *er* (Jørgensen og Phillips 1990, 17).

Per Nordtvedt og Harald Grimen trekkjer fram at debatten kring sosialkonstruktivisme ofte blir uhandgripeleg og uklar grunna vage omgrep og definisjonar om kva sosiale konstruksjonar faktisk omfattar (Nordtvedt og Grimen 2004, 157-158). Vidare har kritikken av desse retningane ofte vore kring den sterke vektlegginga av relativitet; dersom alt er relativt og flytande og ingenting er sant, kva skal ein då forhalde seg til? (Jørgensen og

Phillips 1990, 14; Søndergaard 2000, 68-69). Søndergaard meiner dette representerer ei misforståing av konstruktivisme i det ein innan konstruktivistisk og poststrukturalistisk tenking gjer eit skifte i forskingsfokus, frå essensen av fenomen til ein konstituerande prosess (Søndergaard 2000, 69). Med andre ord vil formålet med forskinga vere eit anna enn å forklare og forstå naturen til eit gjeve fenomen. Fokuset vil vere på kva prosessar som leier fram til, og som dannar eit fenomen. Noko av det konstruktivistiske og postmodernistiske retningar kan bidra med er å tilby nokre reiskapar til å analysere og utforske menneskeleg erfaring og historiske forhold gjennom (Søndergaard 2000, 66-67).

3.2 Narrativ teori

Omgrepet narrativ vert ofte nytta synonymt med ordet ”forteljing” eller ”historie”. Jerome Bruner definerer narrativ på følgjande måte: ”A narrative is composed of a unique sequence of events, mental states, happenings involving human beings as characters or actors” (1990, 43). Desse sekvensane ser han som viktige komponentar i narrativ, men poengterer samstundes at narrativet gjev meining først når ein ser på korleis sekvensane er sett saman totalt sett (Bruner 1990, 43). Michael Bamberg omtalar narrativ på liknande måte med at det ofte viser til noko som har skjedd i fortida, gjerne fleire episoder, og ofte med referanse til aktørar, stadar og hendingar (2012, 101). Bruner påpeikar at eit narrativ også kan vere fiktivt, det treng ikkje vise til noko som faktisk skjedde (1990, 44). Narrativ kan i tillegg ha ulike former, inkludert variasjonar av skriftlege tekster (Shuman 2012, 125).

Heilt frå vi er små og lærer eit språk, lærer vi å fortelje som ein del av sosialiseringa (Bruner 1990, 71, 80). Jansen uttrykkjer det med at vi formidler verda til born gjennom å fortelje historier (Jansen 2013, 38). I følgje Bruner ligg det han kallar for narrativ organisering i oss som ein grunnleggjande predisposisjon (1990, 80). Han hevdar at vi nyttar narrativ som ein måte å organisere erfaringane våre på, ramme dei inn og setje dei i ein samanheng (Bruner 1990, 55-56). Bruner vier særleg fokus til det som bryt med det ”kanoniske”, det vil seie det som bryt med korleis vi tenkjer ting burde vere, og det som oppfattast som avvik kulturelt sett (1990, 39-40, 47-50). Slike uvanlege hendingar framkallar eit særskild behov for å setje erfaringane i samanheng, ”to make sense” som Bruner uttrykkjer det, og å skape meining i tilveret (Bruner 1990, 49). Dette gjer vi nettopp gjennom narrativ meiner han. Hjø informantane i denne studien kan mellom anna opplevingar av omsorgssvikt utført av tilsette ved barnevernsinstitusjonar sjåast som eit brot med det som er forventa. Dette har kanskje særleg vorte aktualisert etter å ha blitt vaksne sjølv, ved at dei har sett at ein slik oppvekst fell

utanom det som oppfattast som ein vanleg barndom. Det å organisere erfaringar og søkje å skape samanheng i erfaringane gjennom narrativ, er noko som går att innan narrativ litteratur (Mc Adams 1993, 11; Ritchie 2013, 66; Riessman 2008, 8, 10).

Narrativ heng tett saman med personleg identitet og sjølvskaping eller sjølvutvikling (Bamberg 2012, 102; Bruner 2002, 14; McAdams 1993, 11-13; Mishler 2004, 101). Dan McAdams er særleg oppteken av koplinga mellom narrativ og identitet, og hevdar at vi definerer og skapar oss sjølv gjennom vår personlege forteljing (1993, 11-13). Michael Bamberg uttrykkjer det med at ein engasjerer seg i ein sjølvskapingsprosess gjennom narrativ, og at ein viser delar av kven ein er gjennom narrativet (2012, 102-103). Anne Jansen er også oppteken av utvikling knytta opp i mot personlege narrativ (Jansen 2011; 2013). Ho har gjort ein studie av ungdommar på barnevernsintitusjon der ho viser korleis personlege narrativ kan vere avgjerande i eit utviklingsperspektiv, og korleis narrativ teori kan nyttast som eit reiskap til å jobbe med born og ungdom for å fremje utviklingsprosessar.

Samanhengen eit narrativ er fortalt i og kven som er tilhøyrarar, verkar i stor grad inn på korleis eit narrativ blir fortalt (Elliott 2005, 10-11; Gubrium og Holstein 2009, 10; Mishler 2004, 103; Riessman 2008, 3). Eit narrativ oppstår i ein gjeven kontekst og vert forma i samspel med andre menneske, i ein særskild kultur og til ei historisk tid (Frank 2012, 35-36; Gubrium og Holstein 2009, 15; Riessman 2008, 105). Narrativ vil dermed óg endre seg over tid, med endra forhold rundt og nye måtar å sjå ting på (Bamberg 2012, 103; McAdams 1993, 20). Jamvel om narrativ vil endre seg, og variere med situasjon og tilhøyrar i forhold til korleis det blir fortalt, hevdar McAdams at eit personleg narrativ likevel er til stades, i personen sitt sinn (1993, 20). Med andre ord inneheld somme narrativ ein del av dei same elementa jamvel om dei kan bli fortalt med variasjon i ulike kontekstar. McAdams snakkar for øvrig i dette tilfellet om eit personleg narrativ ("personal myth"); eit narrativ som handlar om korleis ulike hendingar har forma meg til å bli den eg er (1993, 11-13).

Psykologen Anne Jansen skildrar historier som ein viktig del av ein kultur: Vi kjenner til og har tilgang på mange ulike historier i kulturen vår, som: "formidler alle våre kulturelle forestillinger om hva som er godt og ondt, hva som blir verdsatt, og hva som blir fordømt, hva det er mulig å lage historier om, og om det som helst skal forbli ufortalt" (Jansen 2013, 38). Jansen hevdar at dei kollektive historiene gjev både moglegheiter og avgrensingar for våre personlege forteljingar, då våre personlege forteljingar også skapast i samanheng med andre

og ut i frå kva respons vi får av andre på våre sjølvforteljingar (2013, 38, 131). I følgje Jansen hentar vi materiale til våre personlege narrativ frå slike store, kollektive forteljingar, samstundes som desse blir eit grunnlag for våre tolkingar av personlege forteljingar (Jansen 2013, 37-38). Omgrepet kollektive forteljingar har i følgje Jansen likskapstrekk med omgrep som storyline, som eg kjem tilbake til i neste delkapittel, og dominerande diskursar. Også McAdams skildrar at vi skapar narrativ med utgangspunkt i ”tilgjengeleg råmateriale” som vi finn i kulturen vår (1993, 60), og Arthur Frank påpeikar på si side at eit narrativ aldri er berre vårt eige; vi låner delar av historier som er tilgjengelege for oss i den sosiale verda vi lever i (2012, 35-36).

Diskurs og narrativ teori

Narrativ teori kan på mange måtar knyttast saman med *diskurs*. Omgrepet diskurs er eit mykje nytta omgrep, og den franske filosofen Michel Foucault er særleg kjend for å ha utvikla dette omgrepet (Jørgensen og Phillips 1999, 21). Foucault definerer det slik:

We shall call discourse a group of statements in so far as they belong to the same discursive formation; it does not form a rhetorical or formal unity, endlessly repeatable, whose appearance or use in history might be indicated (and, if necessary, explained); it is made up of a limited number of statements for which a group of conditions of existence can be defined. (Foucault 1969/2002, 131).

Inspirert av Foucault sine teoretiseringar, har Nigel Parton ei meir konkret tilnærming til diskurs: ”Discourses are structures of knowledge, claims, and practices through which we understand, explain, and decide things” (Parton 1999, 106). Diskurs viser til forhold som pregar måten vi tenkjer på, og det kan sjåast som rådande eller gjeldande oppfatningar innan eit særskild område til ei spesifikk historisk tid. Til dømes kan synet ein hadde på avstraffing av born, sjåast å høyre inn under ein pietistisk diskurs som var gjeldande i somme miljø på den tida informantane i denne studien vaks opp, som innebar strenge metoder for oppseding (Hagen 2001, 31; Telhaug 1994, 2, 5-6).

Diskurs kan sjåast som konstituerande for narrativ, då diskurs vil verke inn på kva forteljingar som er moglege (jamfør avsnittet ovanfor om kollektive forteljingar). Med andre ord legg ulike diskursar føringar for og påverkar innhaldet i personlege narrativ. Diskurs verkar óg inn på korleis vi ser på sosiale fenomen til ulike tider. I materialet til denne studien kjem det i fleire tilfelle fram at dagens forskning har fungert som referansebakgrunn. Forsking må kunne seiast å ha stor betyding for gjeldande diskursar i vårt samfunn i dag. Som vi skal sjå har forskning vore eitt av dei momenta som har vore med å forme og gje mening til narrativa.

3.3 Narrativ analyse

Ei interesse for narrativ i forskning, kan ein i følge Jaber Gubrium og James Holstein finne heilt tilbake til midten av 1800-talet då Henry Mayhew og hans kollegaer intervjuar fattige i London for å få fram deira eigne historier (Gubrium og Holstein 2009, 3-4). Allereie då oppstod det ei interesse for innhaldet i personlege forteljingar innan samfunnsvitenskapeleg forskning. I dag har konseptet rundt narrativ generelt sett blitt veldig populært (Riessman 2008, 5). Innan human- og samfunnsvitenskapen har ulike teoretikarar vorte opptekne av narrativ som ei viktig analyseeining (Bamberg og Andrews 2004; Bamberg 2012; Bruner 1990; 2002; Elliott 2005; Gubrium og Holstein 2009; McAdams 1993; Riessman 2008).

Det fins ikkje èin standard metode eller fastsette oppsett ein skal nytte i narrativ analyse; variantane er mange (Elliott 2005, 36). Strukturell analyse er éin variant, som også kan utførast på ulike måtar. William Labov og Joshua Waletzky har introdusert ein mykje brukt form for ei strukturell analyse (Labov og Waletzky 1967/2006, 50-60). Denne analysen tek utgangspunkt i å dele eit narrativ inn i seks element og identifisere desse delane i narrativet: *Oversikt* (innhaldet i store trekk), *orientering* (kvar og når finn hendingane stad, samt den aktuelle situasjonen og kven som er med), *kompliserande hendingar* (kva skjedde og kva er dei viktigaste handlingssekvensane), *evaluering* (vurdering av hendingane), *løysing* (korleis løyste problema seg), og *coda* (korleis enda forteljinga) (Labov og Waletzky 1967/2006, 50-60; Elliott 2005, 9). Utover dette går gjerne strukturelle analyser på å undersøkje korleis eit narrativ er organisert og oppbygd (Riessman 2008, 77). Andre forhold som inngår i ein narrativ analyse kan vere kva funksjon eit narrativ har og kven det er fortalt til (Riessman 2008, 11-12), språk og uttrykksformer, som til dømes val av ord, bruk av metaforar, kva sjanger forteljinga kan kategoriserast som, og liknande (Elliott 2005, 38; Johansson og Öberg 2010, 77; Johannessen, Tufte og Christoffersen 2010, 218-219). Holstein og Gubrium skriv at narrativ analyse oftast fokuserer på innhald, tema og struktur (Holstein og Gubrium 2012, 3). Ei innhaldsanalyse tek i følge Anna Johansson og Peter Öberg utgangspunkt i mellom anna handlinga og ulike hendingar i narrativet, kven personane er, forholdet mellom personane og framstilling av dei, samt kva tema ein kan finne i narrativet (Johansson og Öberg 2010, 76). Riessman skildrar temaanalyse som ein eigen og mykje brukt måte å analysere narrativ på, der innhaldet er i hovudfokus (Riessman 2008, 53). Riessman poengterer for øvrig at narrativ analyse her skiljer seg frå andre kvalitative analysemetoder i forhold til at teoretisering skjer ut i frå kvart einskilde case framfor på tvers av casa i ein studie (Riessman 2008, 53). I denne

studien har eg valt å vie første delen av analysen til ein gjennomgang av narrativ om oppvekst. Dette kan sjåast som ei innhaldsanalyse då eg utforskar innhaldet i narrativa, men samstundes som ei temaanalyse, ved at eg nyttar viktige og gjennomgåande tema som utgangspunktet for denne analysedelen.

Dorte Marie Søndergaard trekkjer fram *storyline* som forslag til eit poststrukturalistisk reiskap å analysere narrativ med (2000, 77). Sjølve omgrepet *storyline* har Søndergaard henta frå Davies & Harré (1990) og Davies (1993), men ho utviklar omgrepet vidare og gjer ei grundigare utgreiing av *storyline*. Søndergaard ser *storyline* som essensen av ei kulturell forteljing som har vorte naturalisert og gjort til ei sjølvfølgje (2000, 77). Jamvel om *storylines* kan sjåast som kollektive, omskapast og reproduserast dei ved å bli integrerte i aktørar sine sjølv-narrativ. Innhaldet i ein *storyline* kan også på denne måten ta ulike former i ulike samanhengar gjennom ulike narrativ (Søndergaard 2000, 77-78, 87). Som Søndergaard uttrykkjer det kan ein *storyline* ”genkændes iklædt mange og forskjelligartede former for narrativt kød og blod” (2000, 84). *Storyline*omgrepet viser til ein handlesekvens eller gangen i ei forteljing, der ”særlige subjektpositioner eksponeres og stilles til rådighed som identifikationsmuligheder for aftagende aktører; et set af fortløbende handlinger og positioner; og dermed også særlige tolkninger knyttet til deres personer og deres ageren” (Søndergaard 2000, 77). Subjektposisjonar og handlingsrom kan altså sjåast som ein del av det analysereiskapet som *storyline* er. Teori på dette kjem eg attende til i neste delkapittel. *Storyline*omgrepet kan omfatte store, kollektive/kulturelle narrativ, eller mindre, personlege eller delkulturelle narrativ (Søndergaard 2000, 78; Ulvik 2007, 62). Døme på ein *storyline* som kan hentast ut frå denne studien kan vere følgjande: Misjonen og myndigheitene forfulgte taterane ved å ta borna frå foreldra og splitte familiar, plassere borna på barneheim og behandle dei dårleg gjennom heile oppveksten, med store konsekvensar for borna.

Ved å forsøkje å trekkje ut hovudbodskapen i konkrete narrativ i ein studie kan ein nytte *storyline* som analysereiskap. Ein kan til dømes sjå om dei ulike narrativa i ein studie inneheld nokre like element og kan representere ein *storyline* for ei mindre kulturell gruppe, som vi såg døme på ovanfor, eller ein kan samanlikne hovudbodskapen med kollektive *storylines* (Søndergaard 2000, 79-88). Eit døme på ein slik kollektiv *storyline* mellom taterar kan vi hente frå Karen-Sofie Pettersen sitt forskingsarbeid; nemleg at taterane skulle utryddast fordi dei var mindreverdige (2005, 68). Pettersen viser at alle hennar informantar er særleg opptekne av steriliseringa som vart utført på taterar, jamvel om ingen av dei sjølv var

steriliserte. Pettersen påpeikar at media si sterke fokusering på steriliseringa mot denne folkegruppa, der andre deler og konsekvensar av politikken kom i bakgrunnen, kan ha verka inn på det at mange taterar såg og tolka eigne erfaringar i ljøs av ein utdrydningspolitikk (2005, 68). Dette kan ein sjå som noko som var med å gje materiale til ein kollektiv storyline.

Plot er eit anna analytisk grep som er vanleg å nytte i narrativ analyse, og som kan likne litt på storyline. I følge Søndergaard er for øvrig plot meir spesifikt retta inn mot eit konkret narrativ, og kan definerast som hovudpoenget i forteljinga og det som bind handlinga saman (2000, 78).

Med utgangspunkt i narrativ teori vert det i narrativ analyse også sentralt å studere kva meining forteljaren gjev til erfaringane sine gjennom narrativet, og kva samanheng vedkomande set hendingane i (Mossige 1998, 34). Konstruksjonsarbeidet av forteljingane kan vere viktig for å få tak i dette (ibid.). Som vi såg i forrige delkapittel er også identitetsspørsmål relevante ut i frå narrativ teori. Det å undersøkje identitetsspørsmål og korleis forteljaren konstruerer seg sjølv som person ut i frå det vedkomande fortel, er dermed óg interessant for ein narrativ analyse.

I mi oppgåve har eg valt å leggje hovudvekta på innhaldsanalyse framfor ei strukturell analyse, noko som inneber eit fokus på innhald framfor til dømes oppbygging og organisering av narrativa. Somme element av strukturell karakter vil likevel inngå i analysen, eksempelvis ord- og metaforbruk i språket. Eg startar analysen med eit kapittel der eg ser på kva som kjenneteiknar ulike narrativ om oppvekst. Vidare kjem eit analysekapittel med fokus på korleis informantane gjev meining til narrativa sine og set det i ein større samanheng. Til sist nyttar eg poststrukturalistiske tilgangar som utgangspunkt for å utforske oppvekstnarrativa.

3.4 Subjektposisjon og posisjonering

Davies og Harré (1990) har med sin artikkel *Positioning: The Discursive Production of Selves* skrive eit bidrag som har vorte sentralt innan ei poststrukturalistisk narrativ retning. Dei skriv om posisjonering, subjektposisjonar og storylines som kan nyttast som reiskapar til å analysere narrativ med. Davies og Harré meiner at ein person tek opp ulike posisjonar som vedkomande gjer til sine eigne gjennom dei narrativa personen dannar (ibid.). Gjennom måten ein fortel eit narrativ på framstiller ein gjerne seg sjølv på ein eller fleire særskilde måtar, det kan til dømes vere som modig eller omsorgsfull. Slike kategoriar viser til

subjektposisjonar som ein gjer til sine egne. Subjektposisjon er eit omgrep Davies og Harré nyttar i staden for omgrepet ”rolle”. Omgrepa kan minne om kvarandre, men rolle vert eit meir statisk omgrep som i mindre grad enn subjektposisjon tek høgde for kontekst (Davies og Harré 1990; Jansen 2013, 50). Subjektposisjon viser til at vi kan ha mange ulike posisjonar i ein situasjon, og heilt andre posisjonar i ein annan situasjon. Davies og Harré hevdar vidare at omgrepet subjektposisjon gjev større rom enn rolle for å kunne forhandle om posisjonar og kven dei er, noko som vil ha betydning for sjølvopfatning (1990).

Subjektposisjonar kan ein finne i tilgjengelege diskursar og storylines (Davies og Harré 1990; Søndergaard 2000, 77). Samstundes som ein sjølv plukkar opp og gjer posisjonar til sine egne, kan ein også bli tildelt posisjonar av andre (Davies og Harré 1990). Dette er prosessar som viser til *posisjonering*. Posisjonering går óg på å forhandle om subjektposisjon, til dømes ved å ikkje ville godta ein tildelt posisjon og forsøkje å endre den ved å posisjonere seg annleis (Davies og Harré 1990; Jansen 2013, 48-52; Staunæs 2003, 103). Eit døme Davies og Harré nyttar for å vise subjektposisjonar, er henta frå eventyr der vi typisk finn ein mannleg helt/prins som er handlekraftig og ei heltinne/prinsesse som vert skildra som offer og avhengig av å bli redda av prinsen (1990). Ut i frå karakterane som prins og prinsesse, dannar det seg tilgjengelege subjektposisjonar med eit tilhøyrande, normativt innhald av kva det vil seie å vere feminin og maskulin. Som maskulin skal du vere handlekraftig, modig og barsk, medan ei kvinne gjerne skal vere vakker og trugen til ein reddande helt. Ein feminin/kvinneleg subjektposisjon inneber altså mindre handlingsrom enn den maskuline/mannlege. Som Søndergaard skriv vil desse subjektposisjonane fungere som identifikasjonsmoglegheiter for aktørar (2000, 77). I dag kan for øvrig nokre subjektposisjonar henta frå eventyr i somme tilfelle sjåast som delvis justerte, til dømes som vi kan sjå gjennom den populære disneyfilmen Frost/Frozen. Ved hjelp av den/dei kvinnelege karakterane i filmen og deira handlekraft opnar filmen for ei delvis endring av innhaldet i ein subjektposisjon som kvinne/jente. Dermed tilbyr filmen eit noko større spekter av identifikasjonsmoglegheiter for jenter/kvinner enn tidlegare, og filmen kan vere eit døme på korleis innhald i subjektposisjonar endrar seg med endrande diskursar.

Subjektposisjon heng tett saman med omgrepet *subjektivitet* (Davies og Harré 1990; Jansen 2013, 50; Staunæs 2004, 57). Subjektivitet er eit poststrukturalistisk omgrep som går på ein person si sjølvkjensle og oppleving av kven ein er (Staunæs 2003, 103). Dorthe Staunæs samanliknar det med identitet, men ho meiner at subjektivitet i større grad enn identitet

famnar endring, samstundes som det famnar stabilitet. I sin bruk av ordet subjektivitet har ho henta inspirasjon hjå Michel Foucault. Ho tolkar hans *subjektivering* som ei tosidig deling av subjektet: Både som eit handlande subjekt i sine omgjevnader, og som prega og konstituert av ytre forhold (Staunæs 2003, 103). Det handlar altså om ein prosess der subjektet skapast og blir til, og denne prosessen er tett innvevd i maktaspekt (Staunæs 2004, 56). Det fører oss tilbake til subjektposisjonar som er tilgjengelege gjennom diskursive (makt)forhold. Individet eller subjektet blir konstituert og rekonstituert gjennom diskursive praksisar, og kven ein *er* vil variere ut i frå diskursive forhold. Det vil variere ut i frå kva subjektposisjonar som er tilgjengelege for oss innan dei diskursane vi deltek i, og ut i frå kva narrativ vi nyttar for å gje mening til våre liv (Davies og Harré 1990). Ein kan sjå det slik at dei subjektposisjonane som er tilgjengelege for kvinner innan ein gjeven kultur bidreg til å skape nokre rammer som påverkar korleis vi som kvinner ser på, tolkar og utviklar oss sjølv.

Davies og Harré påpeikar at motstridande diskursar kan vere gjeldande på eitt og same område samstundes (1990). Subjektposisjonar kan dermed vere ulike og motstridande for same aktøren, i og med at vi kan ta opp ulike posisjonar ut i frå varierende storylines og med utgangspunkt i endrande og/eller motstridande diskursar (ibid.). Davies og Harré meiner at denne måten å sjå individ på, kan gje mening til diskontinuitet i måten vi oppfattar og framstiller oss sjølve, sidan vi nyttar element frå ulike og gjerne motstridande diskursar og storylines (1990).

Aktørar sine handlingsrom, er noko Søndergaard påpeikar vil vere relevant å undersøkje ut i frå rammene av større storylines for å sjå kva moglegheiter eller avgrensingar ulike storylines kan bidra til for aktøren (2000, 87). Handlingsrom kan vise til kva moglegheiter ein aktør har for å handle og kva handlingsalternativ aktøren har (Schiefløe 2003, 118). Handlingsrom vert gjerne ei særleg viktig analyseining når nokon opplever å bli tildelt ein subjektposisjon av andre. Dette med utgangspunkt i at ein subjektposisjon har eit visst normativt innhald som dermed gjev visse moglegheiter og avgrensingar for aktøren (Søndergaard 2000, 77-87). Særleg avgjerande forhold som verkar inn på kva handlingsrom vi har, meiner Per Morten Schiefløe har samanheng med moglegheitene for sjølv å velgje, det går på kor store krav som vert stilt til oss, og det går på kva moglegheiter vi har til å påverke handlingsrommet (Schiefløe 2003, 118-119.) I tillegg vil ein subjektposisjon andre har tilskrive ein person vere med utgangspunkt i korleis personen vert sett av vedkomande, og i neste runde verke inn att på korleis denne personen blir behandla. Dette vil påverke handlingsrommet til den aktuelle

personen. Ut i frå nemnte forhold kan ein sjå avgrensa handlingsrom gjennom informantane sine forteljingar. Som born var dei prisgjevne dei vaksne som jobba med dei. Ved at dei var born som var underlagte vaksne sin autoritet, hadde dei ikkje noko særleg moglegheit til å verke inn på sin eigen situasjon. Dei vaksne hadde maktposisjonar ovanfor borna, så dei subjektposisjonane borna vart tildelte av dei vaksne, og måten dei vaksne såg på borna, verka inn på måten borna vart behandla. Det vil kunne gje utslag i eit avgrensa handlingsrom. Dette er forhold eg kjem nærmare inn på i analysen.

3.5 Stigmatiseringsprosessar

I sine teoriar kring stigmatisering viser Erving Goffman til det historiske omgrepet “stigma” som var kjennemerke ein brant eller skar inn på kroppen for å merke personar som skilde seg ut på ein særskild dårleg måte (Goffman 1963/2009, 43). Det kunne vere ein slave, ein kriminell eller ein forræder. Ved å gje eit kroppsleg merke ville det synleggjerast at dette var personar ein skulle unngå. Omgrepet stigmatisering viser til ei form for vanære og eit metaforisk stempel eller merke ein kan få på bakgrunn av særskilde eigenskapar; eigenskapar som gjer at ein skiljer seg ut eller ikkje møter forventningar til menneske i samfunnet rundt (Goffman 1963/2009, 43-44). Det handlar om sosiale avvik frå forventningar, og avvik frå det som til ein gjeve stad til eit gjeve tidspunkt vert sett på som det “normale”. I ljøs av gjeldande eigenskap(ar), blir vedkomande nedvurdert og sett i vanry. Goffman skildrar tre typar stigma som hans teoriar tek utgangspunkt i. Den første er kroppslege kjenneteikn i form av ulike fysiske misdanningar. Den andre typen er det han kallar “karaktermessige feil” som personar kan bli tilskrive som følgje av ei fortid med til dømes psykisk sjukdom, fengselsopphald, rusmisbruk, og så vidare. Den tredje og siste type stigma kallar han “tribale” stigma, som går på etnisk kulturbakgrunn, nasjon- og religionstilhørsle (Goffman 1963/2009, 46). På bakgrunn av ei stempling eller stigmatisering, vert personar eller gruppe av personar diskriminerte, noko som vil føre til eit avgrensa handlingsrom for dei det gjeld. Vidare hevdar Goffman at vi nyttar ein ideologi (stigmatiori) ovanfor oss sjølv som vi forklarar den andre si underlegenheit med og overbeviser oss sjølve om vedkomande som ein trussel (Goffman 1963/2009, 47). Det kan sjåast som ei legitimisering av å stigmatisere og diskriminere andre. Goffman poengterer óg at vi gjerne tillegg personar defektar og negative eigenskapar på bakgrunn av den eller dei eigenskapane vedkomande blir stigmatisert ut i frå (Goffman 1963/2009, 47).

Stigmatisering kan definerast som eit resultat av stereotypisering (Skytte 2008, 19). Stereotypiar er i hovudsak førestillingar ein person har om andre, som ikkje nødvendigvis har noko med røynda å gjere (Ytrehus 2001, 14; Skytte 2008, 18-19). Det kan altså seiast å vere nært knytta til fordømmar eller forventningar. Berit Thorbjørnsrud påpeikar at stereotypisering byggjer på eit grunnleggjande behov menneske har for å kategorisere og ordne inntrykk (2009, 216). Ut i frå det inntrykket vi har av til dømes ei gruppe menneske, generaliserer vi. Faren oppstår i følgje Thorbjørnsrud når vi ikkje er opne for å justere fordømmane våre, men i staden dømmar og generaliserer andre ut i frå eit vagt grunnlag (2009, 216). Skytte hevdar at stereotypiar kan utvikle seg til fiendebilete av ei heil folkegruppe, og at det kan fungere som sjølvoppfyllande profetiar (2008, 19). Behandlinga av romanifolket kan sjåast som eit godt døme på dette, i og med at heile folkegruppa vart fordømt og utskilt som eit særskilt mål for assimileringpolitikk. Stereotypisering fører til stigmatisering når vi i tillegg tilfører ein person eller ei gruppe menneske nokon visse negative eigenskapar på grunnlag av det Goffman kallar eit stigma (Skytte 2008, 19).

Goffman sine tankar kring stigma kan vi sjå igjen i det Line Alice Ytrehus skriv om våre førestillingar om “den andre” og korleis det kan bli utgangspunkt for diskriminering og undertrykking (2001, 10-29). Ytrehus påpeikar at “den andre” gjerne blir framstilt med negative termer som distanserer “oss” i frå “dei” og skapar ei polarisering. Ved å definere “den andre” med ulike negative eigenskapar som skiljer seg frå “normalen” kan diskriminering bli legitimert (ibid.). I slike tilfelle kan det å bli kategorisert som “den andre” sjåast som eit stigma. Ytrehus viser korleis tidlegare tider si definering av amerikanarar med afrikansk bakgrunn som radikalt ulike frå vesteuropearar, var med å legitimere ei omfattande undertrykking, og korleis holocaust var eit resultat av at ein såg jødar og andre som mindreverdige (2001, 12-14). Ut i frå det vi har sett om romanifolket sin historiske bakgrunn i kapittel 2, er stigmatisering eit fenomen som kan nyttast også for å skildre denne gruppa sin posisjon i det norske samfunnet i det førre århundret.

3.6 Oppsummering

I dette kapitlet har vi sett at narrativ teori byggjer på ei forståing av at vi som menneske organiserer og forklarar livshendingar og erfaringar ved å fortelje om det. Narrativa er skapt i ein historisk, kulturell og interaksjonell kontekst; påverka og forma av forholda rundt. Dette kan plasserast i ei sosialkonstruktivistisk ramme. Narrativ analyse byggjer på narrativ teori og viser til mange ulike måtar og forslag til å utforske innhaldet i narrativ på. Vidare har vi sett

på subjektposisjonar som eit analysereiskap som bidreg til ein måte å sjå og tolke subjektet i narrativ på, og til å utforske kva identifikasjons- og handlingsmoglegheiter subjektet har. Stigmatisering har eg óg trukke fram som eit fenomen som kan bidra til å ramme inn opplevingane informantane i denne studien fortel om. Dette viser til stemplingsprosessar på bakgrunn av å vere definert som annleis og avvikande frå sosiale forventningar.

4 Data og metodiske vegval

Eit viktig grunnlag for kvalitet i kvalitativ forskning, er å synleggjere sin eigen posisjon som forskar, rammene for forskinga og den prosessen som har ført til det endelege forskingsresultatet (Johannessen, Tufte og Christoffersen 2010, 82; Thagaard 2013, 11). Dette vil vere føremålet for det følgjande kapitlet. Heile rapporten byggjer på og er eit resultat av den metodologiske prosessen, og metodiske val vert dermed sentrale. Metodiske val og teori heng óg saman, og valet om å gjere narrativ analyse har vore avgjerande for kva teoretisk rammeverk som har ligge til grunn i oppgåva. Kapitlet startar med ein kort gjennomgang av kvalitativ metode som utgangspunkt for studien. Vidare gjer eg greie for datamaterialet og prosessen det har blitt til på, samt korleis analysen vart utført. Etterpå reflekterer eg over ulike sider ved empirien som oppgåva byggjer på, før kapitlet vert avslutta med nokre etiske refleksjonar rundt studien.

4.1 Kvalitativ metode

Eg har valt å nytte kvalitativ metode som utgangspunkt for denne studien. Kvalitativ metode er mellom anna kjenneteikna av å ha eit eksplorerande preg der ein er ute etter nyanserte skildringar og gjerne vil få tak på ein meiningsdimensjon (Aase og Fossaskåret 2007, 13-18; Johannessen, Tufte og Christoffersen 2010, 32; Ringdal 2013, 24-25). Ein går i djupna på eit fenomen og undersøker innhaldet av det. Mitt utgangspunkt for å velgje metode, var at eg ynskja å få tak i personlege forteljingar som kunne gje innsikt i konsekvensane som den assimilerande politikken hadde for taterborna som vaks opp under Misjonen/barnevernet sin omsorg. Samstundes var eg interessert i kva meining dei som har vore ramma av tiltaka la i det dei hadde opplevd, og korleis dei sjølve såg på historia si. Ut i frå dette vart kvalitative djupneintervju eit naturleg val av forskingsdesign. Ein samtalar i slike intervju med aktuelle personar om eit gjeve tema utifrå eit formål og med ein viss struktur (Kvale og Brinkmann 2009, 23). Kvalitative djupneintervju er ei fleksibel metode som gjev grunnlag for fyldige og detaljerte skildringar (Johannessen, Tufte og Christoffersen 2010, 135).

4.2 Presentasjon av datamateriale

I arbeidet med innsamling av materiale til masteroppgåva, samarbeidde eg med ein medstudent. I likskap med meg, hadde ho óg menneske med romanibakgrunn som har vekse opp under barnevernet/Misjonen sin omsorg som utgangspunkt for si masteroppgåve

(Ørnevik 2014). Vi utarbeidde dermed ein felles intervjuguide som famna aspekt vi begge var opptekne av å undersøkje.

Presentasjon av intervjudata

Intervjudata byggjer på intervju med åtte ulike informantar med romanibakgrunn. Sju av dei har vekse opp under barnevernet/Misjonen sin omsorg, noko som i utgangspunktet var eit utvalskriterie. Èin av informantane som vart med hadde likevel ikkje vekse opp under omsorg av barnevern/Misjonen sjølv, men hadde opplevd å bli fråteken born og mista søsken, samt hadde vore plassert på Svanviken arbeidskoloni. Sidan vedkomande på ulike måtar hadde nær kjennskap til problematikken vi undersøkte, valte vi difor å inkludere dette intervjuet óg. Informantane var seks menn og to kvinner som var mellom 50 og 90 år gamle.

Anonymisering

I arbeidet med datamaterialet, har eg anonymisert all informasjon som kan gjere at informantane vert attkjende. Kjønn vil til dømes verte nytta vilkårleg og ikkje nødvendigvis stemme med informantens sitt kjønn, og alder vil vere justert. Namn på informantane er endra til pseudonym, og stadsnamn og namn på barneheimar er endra. Dei fleste stadane nyttar eg pseudonym for at det skal vere lettare å kunne følge narrativa. I somme tilfelle der til dømes eit sitat ikkje har så mykje å seie for personen sitt narrativ, vel eg å ikkje nytte pseudonym for å anonymisere betre. Eg har elles nytta ei tematisk framstilling av materialet framfor ei kronologisk framstilling av kvar informant sitt livsløp, fordi det vil kunne bidra til betre anonymisering.

4.3 Intervjumaterialet blir til

Rekruttering av informantar

Etter vi begge hadde fått godkjenning av Norsk Samfunnsvitenskapelig Datatjeneste (NSD), tok arbeidet til med å rekruttere informantar til studien. Vi var opptekne av å få ei brei rekruttering, og kontakta difor leiarane ved dei fire største organisasjonane i landet som ivaretek og representerer interessene til folkegruppa. Ein av organisasjonane fekk vi ikkje kontakt med. Vi informerte kontaktpersonane i organisasjonane om prosjektet på telefon, sendte informasjonsskriv⁵ og ba om hjelp til å formidle kontakt med eventuelt interesserte. Vi nytta også ulike kontaktpersonar utanfor desse organisasjonane til å hjelpe oss med å formidle

⁵ Sjå vedlegg 3.

kontakt, og somme av informantane hjalp óg med å formidle kontakt med andre interesserte. Ei slik form for rekruttering kallast gjerne for snøballmetoden, og går ut på å ta kontakt med nokre personar som har stor kjennskap til det aktuelle temaet, som vi igjen ber om hjelp til å finne fleire aktuelle kandidatar (Johannessen, Tufte og Christoffersen 2010, 109). Det å få informantar til å stille, var eit vanskeleg og tidkrevjande prosjekt. Med utgangspunkt i det vanskelege og såre temaet som denne studien representerer, er det forståeleg at mange kanskje ikkje ynskja å snakke om opplevingane sine i eit intervju.

Utføring av intervju

Intervjua vart gjennomførte frå september 2013 til midten av januar 2014. Eg og medstudenten utførte kvar våre intervju og eitt intervju vart også utført i samarbeid med sekretariatet for tater-/romaniutvalet.⁶ På grunn av store geografiske avstandar, vart tre av intervjua utførte over telefon, medan resten vart utført andlet til andlet, og då på stadar som informanten sjølv ynskja å møte oss. To intervju vart utførte på kaféar, to intervju vart gjennomførte på lånt kontor, og eitt intervju føregjekk heime hjå informanten.

I utgangspunktet nytta vi det Kvale og Brinkmann kallar semistrukturerte livsverdensintervju som går ut på å utforske informanten si livsverd ut i frå tema og somme konkrete spørsmål (2009, 137-138). Denne type intervju har óg ei opa form som gjer det mogleg å følgje informanten sine svar og forteljingar (ibid.). Vi nytta samstundes ei narrativ tilnærming der ein del av spørsmåla hadde som formål å få informanten til å fortelje mest mogleg sjølv om sin oppvekst på barneheim/i fosterheim. Vi nytta ein felles intervjuguide⁷ som vart ein vegleiar og som eit utgangspunkt i forhold til nokre tema og spørsmål vi ynskja å snakke om. For å vere betre budde til intervjua og for å kvalitetssikre intervjuguiden, utførte vi pilotintervju, der det eine vart gjennomført som eit telefonintervju (Dalen 2011, 30-31). Informantane til pilotintervjua var to fagfolk som har forska ein del på dette feltet, og som kjenner godt til folkegruppa og historikken rundt barnevernstiltaka i det førre århundret. Gjennomføringa av pilotintervjua, saman med tilbakemelding frå dei vi då intervjua, gjorde at vi justerte noko på intervjuguiden.

⁶ Jamfør innleiing, under *Kunnskapsstatus og Bakgrunn for val av tema*.

⁷ Sjå vedlegg 5.

Transkribering

Vi nytta lydopptak i alle intervju, slik at vi skulle ha tilgang til og moglegheit til å gå tilbake å høyre på intervju i etterkant. Slik ville vi kunne få større innsikt i materialet, i og med at vi gjorde kvar våre intervju. Når det gjeld transkribering vart vi samde om ein transkriberingsstil som tok utgangspunkt i å likne på eit skriftleg språk med omsyn til framstillinga av informantane ved bruk av sitat (Kvale og Brinkmann 2009, 186-196). Noko av språket vart omskrive til ei viss grad, først og fremst gjennom å kutte einskilde ord som var overflødige, til dømes ”det”, ”at” eller liknande. Utanom dette vart transkriberinga gjort tett opp til det som var sagt. Nokre lydar (til dømes ”eeeh...”) vart i somme tilfelle kutta, og vi nytta heller ikkje transkriberingsteikn som ein gjerne nyttar dersom ein skal gjere konversasjonsanalyse eller liknande (Kvale og Brinkmann 2009, 190).

4.4 Analysearbeidet

Fortolking er ein viktig del av kvalitativ forskning (Johannessen, Tufte og Christoffersen 2010, 163; Thagaard 2013, 11), og dermed er analysearbeidet sentralt. I analysen skal forskaren tilføre eit nytt meiningsnivå til datamaterialet, utover informantane sine uttalingar og forståingar (Ulvik 2007, 105). Med bakgrunn i teoretiske verktøy vert spesifikke analysemodellar utvikla i møte med empirien (Haavind 2000, 8; Ulvik 2007, 105). I denne studien har eg nytta narrativ analyse som utgangspunkt. Det fins ikkje noko fast oppsett på korleis ei slik analyse skal utførast eller kva den skal innehalde (Elliott 2005, 36). I teorikapitlet vart det teoretiske grunnlaget for narrativ tenking presentert, samt ulike måtar ein kan gjere narrativ analyse på. Vidare presenterte eg kort kva eg har valt å fokusere på i den narrative analysen. Her vil eg presentere litt av analyseprosessen og framgangsmåte.

I denne studien er det hovudsakleg nytta ei empirinær tilnærming, der empirien har vore utgangspunktet for å velje både analyse og teori (Widerberg 2001, 127). Det vart starta med ei generell lesing av materialet for å få tak i hovudlinjer og tendensar i intervju. Fokus var på tema som gjekk igjen og aspekt i intervju som verka interessante. Tidleg i prosessen jobba eg ut i frå eit fokus på ei marginalisert gruppe sitt møte med barnevernet, med mål om å drøfte aktuell kunnskap ein kunne nytte i dagens barnevern ut i frå informantane sine erfaringar. Etter å ha jobba litt med materialet, valte eg å gjere ei narrativ analyse, då eg opplevde at materialet eigna seg godt til det føremålet. I tillegg var dette ein ny innfallsvinkel på forskingsområdet. For å få til ei god narrativ analyse, opplevde eg at eg måtte fokusere

heile analysen på dette framfor å drøfte aktuell kunnskap til dagens barnevern, og problemstillinga måtte dermed justerast.

For å få inspirasjon til å gripe fatt i materialet ved ei narrativ analyse søkte eg kunnskap i narrativ teori og teori om narrativ analyse, samt henta inspirasjon frå andre narrative analyser. Eg bestemte meg for å gå gjennom materialet og sjå etter følgjande; innhald og handlingssekvensar, bodskap (plot) og moral, tema som allereie var identifisert, viktige hendingar, personane i narrativa og relasjon mellom personane, vurderingar, meiningsskaping, identitetsskaping, subjektposisjonar og handlingsrom, storyline og måte å fortelje på (ord, uttrykk, metaforar, sjanger). Eg valte å kopiere sitat frå kvart intervju og plassere i kategoriar ut i frå dei momenta som vart nemnt ovanfor, samstundes som korte samandrag frå intervjuet vart skrive. Seinare veksle eg mellom å studere desse forkorta versjonane av intervjuet og transkripsjonane. Vidare gjekk ein del av prosessen til å snevre inn fokuset med utgangspunkt i problemstillinga og ut i frå kva som verka mest interessant og relevant å gå i djupna på i empirien. Hovudvekta vart då lagt på ei tematisk innhaldsanalyse, meiningsskaping og ei analyse med utgangspunkt i subjektposisjonar. Nokre av dei andre elementa kom inn under dei nemnte hovudfokusa, medan andre moment vart lagt vekk.

Informantane sine eigne kommentarar er forsøkt framheva i analysen som ein del av å ha fokus på narrativ, og for å tydeleggjere kva som er deira utsegn og kva som er mine tolkingar. Første analysekapittel er i stor grad basert på presentasjon av empiri, men likevel med kommentarar og tolkingar for å utforske narrativa. Andre analysekapittel vil i større grad basere seg på ei fortolking av materialet, og det siste analysekapitlet baserer seg på tolkingar av empirien ved å nytte analytiske omgrep. Slik viser dei ulike analysekapitla til ulike grader og nivå av fortolking av materialet (Fangen 2010, 208). I samband med fortolkinga som skjer gjennom alle stadium av forskingsprosessen (ibid.) er det viktig å vere medviten si eiga førforståing av temaet (Fangen 2010, 47). Dette med utgangspunkt i at ein som forskar ikkje er ein nøytral formidlar av kunnskap, men aktivt skapande mellom anna gjennom fortolking (Kvale og Brinkmann 2009, 72). Mi førforståing viste eg til i innleiingskapitlet. I analysekapitla vert det i liten grad fokusert på ulike forklaringsmodellar og forskning som kan belyse det informantane vart utsett for, då fokuset ligg på narrativa.

4.5 Refleksjon over materialet

I dette delkapitlet vert det gjort nokre refleksjonar over forhold som kan ha verka inn på materialet i studien, før studiens validitet og reliabilitet vert drøfta.

Rekrutteringsprosessen

Rekruttering av informantar gjennom snøballmetoda gjer at det er vanskeleg som forskarar å vite kven som har vorte kjende med prosjektet, kor mange som har blitt spurt om å vere med, og kor mange som har sagt nei. Slik vil det vere vanskeleg å seie noko om korleis utvalet skiljer seg frå populasjonen totalt sett. Dermed veit vi heller ikkje kva dette har hatt å seie for utvalet. Elles er det mange av dei som har vekse opp under barnevernet/Misjonen sin omsorg som ikkje lever lenger. Ut i frå dei andre studiane som har vorte gjort på området, samsvarer likevel dette materialet i stor grad med det som har kome fram før, både i forhold til forskning på konkrete forhold Misjonen jobba ut i frå og dei personlege forteljningane som har kome fram i ljuset før. Ein forskjell er kanskje at vi opplevde at informantane ikkje hadde så sterkt fokus på konkrete overgrepforteljingar, slik vi har sett til dømes i Sandvik sin studie (1999). Det kan ha å gjere med at vi ikkje spurte så direkte etter det fordi vi ynskja at informantane sjølv skulle få regulere kor mykje dei ville fortelje, men det kan også ha å gjere med forholdet til oss som intervjuarar, som eg kjem attende til.

Vurdering av intervjusituasjonen

Generelt sett opplevde vi at informantane delte velviljug frå liva sine, og mange kom gjerne med lange uttalingar. Det endte med at dei fleste intervjuar vart ganske lange, alt i frå ein og ein halv time til tre timar. Dette tenkjer eg kan tyde på ein god kontakt mellom intervjuar og informant, som igjen vil verke positivt inn på intervjuar. Det vil kunne bidra til å styrke kvaliteten på empirien.

Det å gjere telefonintervju kan medføre nokre ekstra utfordringar i forhold til kommunikasjon og etablering av ein god kontakt (Jacobsen 2003, 77). Ein ser ikkje den andre sin mimikk og kroppsspråk, og det kan vere vanskelegare å høyre eller oppfatte riktig det som vert sagt. Dette kan ha verka inn på materialet. På den andre sida kan telefonintervju kanskje óg ha vore ei hjelp til å snakke om eit vanskeleg tema, sidan informanten på ein måte kunne vere litt meir anonym, og sidan det vart ein viss distanse til oss som intervjuarar. Dette kan ha verka positivt inn på materialet. Grunna vanskar med å rekruttere tilstrekkeleg med informantar i

utgangspunktet valte vi å utføre telefonintervjua. Totalt sett meiner eg at vi også frå desse intervjuja fekk gode og relevante data.

Det hadde vore ynskjeleg å utføre alle intervjuja andlet til andlet for eit mest mogleg likt utgangspunkt. Samstundes er kvalitative djupneintervju ulike frå kvarandre; prega av konteksten intervjuet skjer i og samhandlinga mellom intervjuar og informant (Fog 2004, 22; Kvale og Brinkmann 2009, 37; Järvinen 2005, 29). Dermed meiner eg at det ikkje har hatt noko særlege følgjer for materialet, også sidan situasjonen ikkje blir vektlagt i materialet. Noko som kan vere vanskeleg med å nytte ulike typar intervju i same studien, er at det kan vere utfordrande å gjere samanlikningar på tvers av intervjuja. Dette er for øvrig ikkje nokon vesentleg dimensjon ved denne studien. Det har hovudsakleg vore dei einskilte forteljingane som har vore viktige, så eg tenkjer ikkje at det er nokon stor ulempe i denne samanhengen.

Eit anna forhold som vil verke inn på intervjuja, var staden intervjuja vart utførte, også kalla konteksteffekten (Jacobsen 2003, 75). I følgje Jacobsen legg det best til rette for ein god samtale å gjennomføre intervju under vante forhold for informanten, så sant ein får samtale utan tilhøyrarar og avbrytingar (Jacobsen 2003, 74-75). For å imøtekome dette lot vi informanten velgje kvar vi skulle utføre intervjuet. I dei tilfella intervjuja føregjekk på kafé, var det store kaféar der samtalen kunne føregå uforstyrta.

Fleksibilitet pregar kvalitativ datainnsamling. I og med at vi utførte kvar våre intervju, hadde vi antakeleg ulike måtar å gjennomføre intervjuja på. Det kan dermed tenkast at intervjuja er av ulik kvalitet. Likevel er som nemnt kvalitative djupneintervju i sin natur ulike frå intervju til intervju, så slik sett tenkjer eg ikkje at det har nokre store konsekvensar for empirien. Vi var først og fremst ute etter å få informantane til å fortelje si historie, og desse fekk vi på ulike måtar i alle intervjuja. Samarbeidet gjorde dessutan at vi begge fekk tilgang til eit større materiale enn vi hadde hatt kvar for oss, både med tanke på tilgang på informantar og vår kapasitet til å utføre intervju.

Transkribering

Grunna ei sjukdomsperiode vart det på mi side nødvendig å setje vekk transkriberingsarbeidet. Dei to som hjalp til med transkriberinga vart godt orienterte om måten vi skulle transkribere på, og om teieplikt i forhold til materialet. I tillegg hadde begge sosialfagleg bakgrunn, og hadde slik kjennskap til feltet og til samfunnsfagleg forskning. Kvale

og Brinkmann påpeikar at transkriberingsarbeidet i samfunnsfagleg forskning ofte blir sett vekk fordi det er eit særst tids- og ressurskrevjande arbeid (2009, 189). Dermed skiljer ikkje dette tilfellet seg ut i vesentleg grad frå anna forskning på feltet. Følgjane det kan ha å setje vekk transkriberingsarbeidet går kanskje særleg på det at ein gjer ein reduksjon av materialet (Kvale og Brinkmann 2009, 186-187; Ulvik 2007, 106), og at eg moglegvis hadde kunne transkribert på ein litt annan måte i kraft av å vere ein annan person.

Relasjonen mellom forskar og informant

I kvalitative djupneintervju er relasjonen mellom intervjuar og informant avgjerande for resultatet. Kunnskapen frå eit slikt intervju vert på mange måtar eit resultat av situasjonen der og då, kva ein saman snakkar om og korleis (Haavind 2000, 19; Kvale og Brinkmann 2009, 37; Järvinen 2005, 29). Som intervjuarar var vi begge unge, og mangla kanskje livserfaring i informantane sine auge. I intervjusituasjonen er det intervjuaren som i hovudsak set agendaen og stiller spørsmåla, noko som kan vise til eit assymetrisk forhold (Kvale og Brinkmann 2009, 52-53). Med utgangspunkt i dei erfaringane informantane har frå oppveksten kan det ha verka inn på relasjonen og samhandlinga at vi begge tilhøyrer den kulturelle majoriteten i Noreg (Johannessen, Tufte og Christoffersen 2010, 143; Thagaard 2013, 113). Saman med det at vi kanskje for dei representerte det norske "systemet" i form av å vere studentar på ein offentleg høgskule, kan det ha verka inn på intervjuet og i neste runde påverka dei svara vi fekk. Kanskje hadde det blitt meir utfyllande svar og inngåande skildringar under andre forhold? På den andre sida opplevde vi sjølv at vi fekk ein god kontakt med informantane i dei aller fleste intervju, samstundes som vi opplevde at dei hadde tillit til oss som intervjuarar.

Tankar kring studien sin validitet og reliabilitet

Reliabilitet viser til ordet pålitelegheit, og går i utgangspunktet på om ein annan forskar kunne ha kome fram til same resultat ved å nytte same metodologi (Thagaard 2013, 202). Innan kvalitativ forskning kan ein vurdere pålitelegheita til resultatata utifrå å sjå nærmare på forskingsprosessen (Johannessen, Tufte og Christoffersen 2010, 229-230). Kvaliteten på studien vil vere eit avgjerande moment (Thagaard 2013, 202; Merrick 1999, 25-26). Tidlegare i dette kapitlet har eg forsøkt å synleggjere forskingsprosessen og peika på forhold som kan ha verka inn på materialet. Som eg allereie har argumentert for meiner eg at dette er forhold som ikkje treng å ha verka inn på materialet i nokon betydeleg grad. Formålet har vore å kaste ljøs over personlege narrativ, og det tenkjer eg at eg har fått. Formålet har altså ikkje vore å

finne ut kva som *eigentleg* skjedde, for det vil det vere ulike opplevingar av. Materialet kan sjåast på som subjektive og samskapte narrativ, danna ut i frå personen sin ståstad og verkelegheitsoppfatning og forma i ein kontekst, både i intervjuet, og historisk så vel som kulturelt (Jansen 2013, 38). Det som kjem fram i dette materialet kan som nemnt også seiast å samsvare med tidlegare forskning på dette spesifikke området, og slik underbyggje reliabiliteten til studien.

Ekstern validitet går i kvalitative studie på kva grad resultata kan overførast til område utover sjølve studien, altså overføring av kunnskap (Johannessen, Tufte og Christoffersen 2010, 231). Det svarer til omgrepet generalisering som gjerne blir nytta i kvantitativ forskning. Denne studien vil kunne gje innsikt i problemstillingar minoritetsgrupper kan ha gjennom å vere stigmatiserte, og også nokre forhold rundt det å vekse opp under omsorg av det offentlege, jamvel om barnevernet i dag er annleis enn i informantane sin oppvekst. Det kan vere gjennom til dømes mange flyttingar som også born opplever i barnevernet i dag (Havik og Christiansen 2009, 31-33), og det å ha lite kontakt med familie der nokre vil kunne miste tilhørslse til sosiale og kulturelle miljø gjennom ein oppvekst i det offentlege (Skytte 2008, 235-236). Materialet viser også betydinga av å bli høyrte og inkludert i saksgangen, både før, under, og etter omsorgsovertaking. Når opplevingane som er skildra kan vere relevante for andre samanhengar, vil òg analysemodellar og tolkingar frå studien kunne overførast (Johannessen, Tufte og Christoffersen 2010, 231). Eg meiner denne studien kan peike utover seg sjølv i forhold til at den har vist nokre aspekt av konsekvensar av eit kollektivt overgrep av ei folkegruppe, som burde kunne bidra til etisk refleksjon rundt barnevernet (og andre offentlege organ) sine møte med minoritetsgrupper og stigmatiserte grupper.

4.6 Etisk vurdering av data og metode

I eit forskingsarbeid reiser det seg mange etiske problemstillingar som det er viktig å vere klar over og reflektere over for å ta mest mogleg omsyn til det i arbeidet. Ein sit med eit stort etisk ansvar som forskar gjennom heile forskingsprosessen (Den nasjonale forskningsetiske komité for samfunnsvitenskap og humaniora (NESH) 2006). Her vil eg reflektere litt rundt dei mest framtrekande etiske problemstillingane i dette prosjektet slik eg ser det.

Informert samtykke og konfidensialitet

Informert samtykke er eit viktig prinsipp for å verne informantane, og det går på at informantane skal vere godt informerte om studien, at dei skal vere klar over at deltakinga er

friviljug, og dei skal ha moglegheit til å trekke seg frå studien (Kvale og Brinkmann 2009, 88). For å ivareta dette fekk informantane eit informasjonsskriv der denne informasjonen stod.⁸ Vi informerte også om teieplikt og at vi anonymiserer forhold som kan gjere at andre kjenner dei igjen. Anonymisering kan vere ei utfordring fordi ein del av menneska med romanibakgrunn i Noreg har god kjennskap til kvarandre, og i somme tilfelle til kvarandre sine historier, og dermed lettare kan identifisere kven som er med. Dette har eg forsøkt å vere særleg medviten på i arbeidet for å kunne ivareta informantane sin konfidensialitet best mogleg. Konfidensialitet går på å verne om personleg informasjon, og omfattar mellom anna teieplikt og anonymisering (NESH 2006, 18). Vegleiaren til denne oppgåva har vore ei god støtte i etiske vurderingar kring dette ved at ho er kjend med romanimiljø og godt kjend med barnevernstiltaka ovanfor folkegruppa på 1900-talet. Om nokon likevel skulle kjenne att element i forteljingar er dette i så fall allereie kjent stoff for vedkomande, og først og fremst problematisk ved at dei vil skjønne at personen er med i studien. Det kan vere ei hjelp at såpass mange informantar er med i studien, som vil gjere at innhaldet elles blir betre kamuflert, i og med at namn ikkje alltid vert kopla med sitat.

Etiske problemstillingar ovanfor informantane og romanifolket i Noreg

Intervjusituasjonen kan vere utfordrande for informanten fordi det inneber å fortelje delar av si historie til ein framand person, noko som kan vere utfordrande når studien omfattar vanskelege og personlege tema. Det omfattande arbeidet vi hadde med å rekruttere informantar til studien kan ha vore ei synleggjering av at dette var vanskelege tema å snakke om. Som ein konsekvens forsøkte vi å la spørsmåla i intervjuguiden vere relativt opne slik at vedkomande sjølv skulle få velgje kor inngåande dei ynskte å fortelje om opplevingane sine. Vi forsøkte óg å møte informantane på ein mild og empatisk måte, og valgte å gje noko respons på det dei fortalde når temaet var vanskeleg og fortalde om krenkande opplevingar (Kvale og Brinkmann 2009, 160). På den andre sida kunne dette føre til at vedkomande kjende seg uforholdsmessig trygg i situasjonen og slik oppgav meir informasjon enn dei kanskje eigentleg ynskte i eit intervju (Fog 2004, 226-227). Samstundes kan det tenkjast at det for somme informantar også kunne vere godt å få fortelje om oppveksterfaringane sine. For nokre kan det truleg opplevast anerkjennande og som ein måte å bli teken på alvor.

⁸ Sjå vedlegg 4.

Eit anna moment som kan vere etisk problematisk er å skulle offentleggjere skildringar av privatlivet (Birch, Miller, Mauthner og Jessop 2002, 1). Det vert ei form for utlevering av veldig personlege forhold. I denne oppgåva kjem det óg fram nokre nedverdige forhold som desse personane har levd under. Med utgangspunkt i dette har eg forsøkt å vise somme stader noko av den motstanden og den styrka informantane har hatt i ein sær sars vanskeleg oppvekst. Ei anna etisk problemstilling kan vere det at forskaren har monopol på fortolkinga som skjer i analysen (Fog 2004, 22). Innhaldet i analysen er dermed eit resultat av mine subjektive tolkingar, som informantane kanskje ikkje kjenner seg att i eller står for sjølv.

Det kan tenkjast at andre som høyrer til romanifolket i Noreg kan oppleve at denne studien rippar opp i deira negative historie, samstundes som det er ein måte å setje folkegruppa i søkjeljoset på. Dette søkjeljoset kan vere negativt for den aktuelle gruppa (Dalen 2011, 19). Og kanskje vert nokre påminte det mange ynskjer å leggje bak seg. På den andre sida kan eit søkjeljos på historia mellom anna kunne bidra til forståing for dei som var ramma og innsikt i uretten som vart gjort. Når eg vel å gjennomføre studien, er det med utgangspunkt i, og med eit håp om, at fordelane av studien kanskje vil vege tyngre enn ulempene, også med tanke på informantane og romanifolket i Noreg (NESH 2006).

4.7 Oppsummering

I dette kapitlet har eg vist dei ulike metodiske vala som er tekne i denne studien, samt synleggjort ein del av forskingsprosessen som har ført fram til den endelege rapporten. Studien baserer seg på kvalitativ metode, der eg har gjort ei narrativ analyse av intervju med åtte menneske med romanibakgrunn som har vekse opp under Misjonen/barnevernet sin omsorg. Det knyttar seg nokre etiske problemstillingar til studien, særleg med utgangspunkt i den vanskelege tematikken intervjuet baserer seg på. Håpet er at studien samla sett vil bidra positivt for dei involverte. Eg har argumentert for at studien også vil kunne bidra med aktuell kunnskap utover dei som er intervjuet og særleg vere relevant for det offentlege barnevernet.

5 Forteljingar om oppvekst

Søkjeljoset i dette kapitlet er på kva narrativ som kjem fram i materialet kring oppveksten under Misjonen/barnevernet si ivaretaking. Hovudformålet her er å vise ulike narrativ og kaste ljøs over opplevingane frå oppveksten. Eg kjem samstundes med nokre analytiske kommentarar og tolkingar undervegs. Sidan det er så mange som åtte informantar, vel eg å ta utgangspunkt i viktige tema som har kome fram i intervjuet, framfor å presentere store og samanhengande oppvekstnarrativ. Tema det vert teke utgangspunkt i er: Omsorgsplassering, opphald på barneheimar og institusjonar, fosterheimplasseringar, flyttingar, kontakt med biologisk familie og møte med lokalbefolkninga.

Eit narrativ er skapt i ein samanheng, både interaksjonelt, kulturelt og historisk (Riessman 2008, 105). Narrativ vil dermed kunne endre seg over tid med til dømes auka erfaring, kjennskap til andre sine personlege narrativ og innsikt i forskning og litteratur. Forsking og litteratur ser ut til å ha vore ei viktig referanseramme for mange av informantane, både forskning på romanifolket og på til dømes tilknytning, samt annan type psykologilitteratur. Litteratur og forskning vert gjerne nemnt i det dei fortel om eigne erfaringar, til dømes som her: "...Og om man har lest litt barnepsykologi så vet man at noe slikt er ganske traumatisk." Informantane "hentar legitimitet", som Jansen uttrykkjer det, frå teoretiske og akademiske diskursar, samt frå andre personlege narrativ (2013, 39). Ei anna viktig tolkingsramme som mange nyttar, er at dei har fått innsyn i eigne journalar og saksdokument som vaksne.

5.1 Kort presentasjon av informantane

- *Ragnhild* (som er i midten av 70-åra) vart plassert på barneheim som eittåring, og flytta vidare på ny barneheim etter kort tid. Ho budde på tre andre barneheimar i løpet av oppveksten, før ho til slutt vart plassert på ein gard.
- *Kjetil* (som er i midten av 50-åra) vart plassert på barneheim då han var om lag to år gammal, og hadde ein oppvekst prega av mange flyttingar mellom ulike typar barneheimar og institusjonar, særleg i tenåra.
- *Vidar* (i starten av 50-åra) vart plassert på barneheim då han var om lag eit halvt år gammal. Vidare i oppveksten var Vidar innom mange forskjellige fosterheimar og barneheimar/institusjonar, om lag 15-16 ulike stader i løpet av oppveksten.

- *Miriam* (i midten av 70-åra) hadde første delen av oppveksten heime med biologisk familie, og vart flytta på barneheim i tidleg skulealder, der ho var til ho i konfirmantaldar skulle klare seg sjølv.
- *Svein* (i midten av 60-åra) blei plassert på spedbarnsheim etter fødselen, men flytta etter kort tid heim til biologisk familie. Han vart på nytt sett under omsorg tidleg i tenåra og plassert på ein gard.
- *Even* (i byrjinga av 60-åra) vart plassert på spedbarnsklinikk som nyfødd. Etterkvart vart han plassert i fosterheim og adoptert. Han budde likevel på to ulike barneheimar i løpet av oppveksten, over ei periode på til saman sju år, før han kom attende til fostermor.
- *Per* (i slutten av 50-åra) vart plassert på barneheim når han var rundt året, og vart sendt i fosterheim og adoptert etter at denne barneheimen måtte nedleggjast.
- *Audun* (i midten av 80-åra) vaks opp heime hjå biologisk familie, men har erfaring med å miste søsken og å bli fråteken eigne born av Misjonen/barnevernet. Han var også plassert på Svanviken arbeidskoloni i to omgongar som vaksen, saman med born og ektefelle.

Oppvekstnarrativa baserer seg på opplevingar frå midten av 1920-talet til om lag 1980.

5.2 Omsorgsplassering

Seks av dei åtte informantane var plasserte på barneheim når dei var små born som vi såg over, alt i frå nyfødde til to år. Eit av desse borna, Svein, vart atfunnen av bestefaren på ein spebarnsklinikk når han var 8 månader, og Svein vart teken med heim til familien. To av informantane, Per og Even, fortel at dei vart plasserte grunna familien sin vanskelege situasjon. Dei fortel at plasseringa var friviljug og meint for å vere ei kort periode, men faren i det eine tilfellet og mora i det andre, forsøkte å hente borna heim att utan at det lukkast. Mora til Even fann ikkje guten sin igjen, og Per måtte bli verande på barneheimen før han etterkvart vart sendt til ein annan kant av landet og vart plassert i ein fosterheim familien ikkje fekk vite om. Per tolkar dette slik: ”Det var om å gjøre å plassere disse barna så langt vekk at ikke foreldrene klarte å spore dem opp.” Fleire av informantane nyttar ordet ”kidnapping” om det som skjedde når dei vart plassert, og det er eit ord som kan seiast å skildre måten mange av informantane opplevde omsorgsovertakinga. ”For det var direkte kidnapping, vet du, det var jo det.” Narrativa om kidnapping viser til forteljingar om at omsorgsovertakinga var noko som skjedde utan forvarsel, med makt og utan medverknad. Informantane sine narrativ om kidnapping gjev ein inngang til deira erfaringar og tolkingar av det som skjedde. Eitt tilfelle

skiljer seg ut: Kjetil fortel at han som spedborn vart plassert fleire gongar på barneheim og at foreldra fekk fleire ”forsøk” før han vart plassert endeleg. Pettersen drøftar i sitt forskingsarbeid kring romanifolket og barnevern om omsorgsovertakingane kunne sjåast som kidnapping (Pettersen 2005, 137-140). Intervju og gjennomgang av ulik dokumentasjon, viser at foreldra og borna også i den studien var lite involverte i prosessen som leia til omsorgsovertaking. I det følgjande skal vi sjå døme på nokre av omsorgsovertakingane i empirien som på ulike måtar kan vise aspekt av kidnapping. Det gjer seg til dømes synleg ved at foreldre og born ikkje hadde moglegheit til medverknad i forhold til hentinga, og mangel på informasjon om kva som skulle skje og kvifor.

Ein faktor som går igjen i dei fleste forteljingar er at hentinga av borna var noko som plutselig skjedde, der både born og foreldre var ubudde på det som skulle skje.

Nei, men det var sånn på den tida, de røva ungene på landeveien da, vet du. Jeg har en søster óg, som har 4 eller 5 unger, og de tok i fra henne alle sammen midt på landeveien og de ble plassert på barnehjem i Bergen. (...) De kom bare plutselig og tok de rett fra armene.

Audun kommenterer her at borna fysisk vart tekne ut av armane på foreldra, og det er ein kommentar som gjev liv til biletet av at ”borna vart *tekne*”, eller kidnappa. Forteljinga består av ei kopling mellom metaforteljingar om barnevernet og politikken som vart utført ovanfor romanifolket, med personlege erfaringar av den same politikken. Metaforteljingar er generelle forteljingar som ikkje viser direkte til eigne erfaringar, og det kan samstundes seie noko om innhaldet i kollektive forteljingar. Kollektive forteljingar er eit omgrep Jansen nyttar om forteljingar vi har tilgang på i vår eigen kultur, og som dannar ein form for referansebakgrunn for dei historiene vi dannar (2013, 38). Innhaldet i kollektive forteljingar kan slik seie noko om måten ein snakkar om omsorgsovertakingar på i romanimiljø.

Ragnhild fortel følgjande om hentinga når ho skulle plasserast på barneheim:

Hun (*mora*) viste bilder fra vi ble tatt, av Misjonen og lensmannen og hele presteskapet som kom og kidnappa oss. Hun fortalte litt om det, og så gråt a. (...) Og de kom bare og tok, - røska... Vi var ute og lekte, forstod jeg mor. Jeg kan ikke huske noe fra den gangen, jeg hadde såvidt fylt året, men søsteren min hadde litt mer hukommelse der. Så vi var ute og lekte. Jeg hadde akkurat lært meg å gå, og hadde en sånn trehjuls sykkel vet du, den syntes jeg var så stas. Og da var jeg bare.. mor var ikke, - hun ble helt hysterisk, vet du. Og far han var på jobb han vet du, han var blikkenslager. Den gangen var det ikke mobiltelefoner og sånt noe, så når han kom hjem fra jobben vet du, da var vi borte vekk. Jeg er født i '35, det var vel i '36 at vi ble tatt begge to. Og.. Det var hardt for henne altså, det så jeg, det var ekte. Det var ekte tårer. (Ragnhild).

Dette sitatet omfattar ei spesifikk skildring av korleis det å ”plutseleg bli henta” såg ut. Vi ser ein kontrast mellom familieidyll og det å bli teken av Misjonen/barnevernet. I forteljinga inngår ulike aktørar og deira opplevingar: Vi ser illustrert mor si sorg med det som skjedde, som vedvarer også vidare utover å ha fått ”barnet” sitt hjå seg igjen. I forteljinga framstår faren som makteslaus; borna er vekke når han kjem heim frå jobb, og han fekk ikkje beskjed før dei vart henta. Påpeikinga av at det var før mobiltelefon si tid, forsterkar forteljinga om foreldra si maktesløyse. Til slutt kjem Ragnhild med ei tolking av korleis mora opplevde dette; ”det var ekte tårer”.

Mangel på informasjon om kva som skulle skje og kvar dei skulle, er ein annan faktor som går igjen i forteljingane der borna var gamle nok til å forstå og hugse (mange vart også flytta fleire gonger når dei var eldre). Miriam fortel:

Det var en rar følelse, for i det ene øyeblikket bodde jeg et sted, og i det neste øyeblikk bodde jeg plutselig et annet sted, da var jeg syv år, og hadde akkurat begynt på skole. Og jeg kunne ikke begripe hvorfor jeg skulle være på en annen skole, jeg skjønnte ingenting, og det var jo mange andre barn på barnehjemmet, det var en rar følelse, så jeg rømte fra barnehjemmet. Jeg rømte et par ganger, men de fant meg, for de visste jo hvor jeg rømte, fra barnehjemmet til der jeg bodde var det en 10 km vei, så det var ikke vanskelig å finne meg. (...) Jeg visste ingenting, bare at jeg i det ene øyeblikket var på Lien skole, og at jeg i neste øyeblikk var et helt annet sted, helt uforberedt. (Miriam).

Miriam si forteljing handlar om uvisse, plutselige endringar og manglande kontroll over det som skjedde. Ho fortel at ho var forvirra og fortvila, og forsøkte dermed å kome seg heim att til familien sin. Følgjande utdrag frå omsorgsplasseringa av Svein som då var tenåring kan også illustrere det å plutseleg bli henta og mangel på informasjon:

Og da ble jeg bare henta og kjørt av gårde. Og jeg trodde jeg skulle på en sånn feriekoloni. Og så sier de plutselig i bilen at jeg skulle på en gård. ”Gård”, sier jeg. Og så havnet jeg på en gård oppe på Storlien. En bondegård. Og der var det slavearbeid. (...) Rene slavearbeidet. Fikk ikke mat eller noen verdens ting. (...) Men når jeg kom opp dit fikk jeg sjokk, vet du. Jeg var ikke vant til sånne folk, ikke sant. Også det at jeg ble reist over og satt igjen aleine. Det var som om hele himmelen ramla ned i hue på meg. Fikk sjokk da. Og jeg prøvde å stikke av med en gang. På veien innover. Men jeg var jo ikke kjent i det hele tatt. (Svein).

I dette utdraget ser vi også skildra det ubehaget det var for Svein å bli henta og plassert ein framand stad med framande menneske under uvante forhold. Svein fann også ut i etterkant at han vart henta og plassert fordi han vart skulda for eit innbrot han ikkje hadde gjort.

Ut i frå det som kjem fram frå desse sitata, var det ikkje mykje rom for medverknad i det som skjedde.

Ragnhild har fått tilgang på saksdokument om omsorgsovertakinga som vaksen. I intervjuet fortel ho at det i følgje dokumenta ikkje vart fatta noko vedtak om omsorgsovertaking før 11 år etter plassering. Omsorgsovertakinga var dermed ikkje lovleg, og på mange måtar forsterkar dette biletet av det som var upårekna, av mangel på kontroll og den usikkerheita ho opplevde som born. Svein legg vekt på at garden han var plassert på, ikkje var godkjend av kommuna eller vergerådet som fosterheim. Vidar fortel at han har sett i saksdokument i etterkant at han berre var omplassert på mange ”forskjellige midlertidige steder”. Dette er døme på opplevingar av at dei juridiske rammene rundt arbeidet var mangelfulle, og saman med illegale omsorgsovertakingar og mangel på godkjenning går dette inn i narrativa om kidnapping. Pettersen viser ved gjennomgang av ulik dokumentasjon at Misjonen ofte la sterkt press på foreldre for å gje frå seg borna (1997, 88-89; 2005, 139-140), og at dei la press på vergeråda for å fremje omsorgsovertaking (1997, 89). I praksis var det nesten uråd å få borna tilbake i ettertid (2005, 147). Dette er forhold som kunne ha bidrege til opplevingar av illegale omsorgsovertakingar.

Innhaldet i dei ulike forteljingane, kan seiast å samanfalle med kvarandre i stor grad ved å sjå omsorgsovertakingane som kidnapping. Det kan óg seie noko om dei kollektive forteljingane i romanmiljø; som nemnt forteljingar som viser til korleis dei snakkar saman om dette emnet. Både i personlege forteljingar og i meir overordna metaforteljingar kring omsorgsovertakingar, kjem ein del av det same innhaldet fram. Døme på dette kan som vi har sett vere at borna ”plutseleg vart tekne” med utgangspunkt i at ”borna skulle vekk” og ”familiar skulle splittast og øydeleggjast”. Grunnen var at dei var taterar. Ei frase som har vorte brukt, er å ”røve ungene på landevegen”. Eit sitat som inneheld fleire av desse komponentane, kan fungere som eit døme på eit narrativ som går igjen i ulike former og variantar:

Det er liksom Misjonen som fant på alle slags mulige grunner, de kunne jo bare komme å ta unger vet du. De var ute etter å oppløse alt som het familie og ødelegge. De skulle ha bukt med alt det som het tater. Man skulle ikke få lov til å være fri og reisende lenger. De skulle splitte og ødelegge familier.

Dette sitatet kan seiast å samanfatte mykje av innhaldet i kollektive forteljingar som kjem fram i empirien kring omsorgsovertakingar og politikken retta mot romanifolket. Målet var å eliminere ei reisande livsform, og verkemiddelet var å ta borna frå foreldra.

Ein av informantane (Audun) var som nemnt ikkje sjølv plassert i barndommen sin, men fortel om å flytte til Svanviken arbeidskoloni med kone og born: ”Vi ble sendt med tvang opp

dit. Vi fikk beskjed om at vi ville miste ungene hvis ikke vi reiste opp der. Og selvfølgelig reiste vi da opp dit for ikke å miste barna.” Her vart det altså nytta truslar om omsorgsovertaking dersom dei ikkje valte å flytte til Svanviken.⁹ Svanviken arbeidskoloni skulle fungere som eit friviljug tiltak for å få familiar til å bli bufaste. Men ved å true somme familiar med omsorgsovertaking dersom dei ikkje ville flytte til Svanviken, som vi såg døme på ovanfor, og ved omsorgsovertaking ved avbrot av opphaldet på kolonien, vart Svanviken ein måte å leggje familiarne under streng kontroll (Pettersen 1997, 58, 62-63). Også andre regelbrot kunne vere ein utløysande faktor for omsorgsovertaking. Slik vart det ei nær kopling mellom barnevern og busetjing i Misjonen sine tiltak.

Vanskelege forhold i biologisk familie

Nokre av informantane skildrar ulike vanskar i deira biologiske familie før dei vart plasserte av Misjonen/barnevernet. Fleire skildrar alkohol og i somme tilfelle kriminalitet hjå særleg ein av foreldra. I tre intervju går det tydeleg fram at dei familiære forholda var særleg vanskelege. To av desse informantane vurderer til ei viss grad at omsorgsovertakingane også kunne grunngjevast ut i frå problematiske forhold i familien, men hovudfokuset kring grunngjevinga ligg likevel på det å ha romanibakgrunn. Den siste av dei tre informantane, gjer ei vurdering av barndommen og sin biologiske familie der konklusjonen er at omsorgsplasseringa trass alt kanskje var til det beste for han.

5.3 Opphald på ulike barneheimar og institusjonar

Seks av dei åtte informantane budde på ein eller fleire barneheimar, og i forteljingar om opphaldet på barneheimen, legg dei vekt på ”streng disiplin” som nokre seier, mykje tukt og fysisk avstraffing, og minimalt med omsorg i form av til dømes trøyst og positiv fysisk kontakt. Seksuelle overgrep nemner to informantar at dei har vore utsette for. To andre informantar fortel at det føregjekk seksuelle overgrep på institusjonen dei var på. Audun som vart fråteken eigne born, skildrar óg at borna hans vart utsett for hard behandling på barneheim.

Per var på ein barneheim fram til han var om lag 2 ½ år. Det Per fortel herifrå, er basert på ein kombinasjon av eigne minner og informasjon han har fått ut i frå at eldre born som budde på barneheimen har vore intervjuja i forbindelse med erstatningssaker. I intervjuet viser han óg til

⁹ Sjå om Svanviken arbeidskoloni under *Historisk bakgrunn* i kapittel 2.

at han har fått sjå ein sosialrapport som seier at ekteparet som var styrarar ”aldri skulle hatt kontakt med barn.” Per fortel at forholda på barneheimen vart så dårlege at den måtte nedleggjast. Dette var ikkje Misjonen sin barneheim, og dermed ikkje ein særinstitusjon for tatarar. Per har fått vite om denne barneheimen at fysisk avstraffing var vanleg, at det var tvangsforing og mykje sengestraff. Det var bleieskift berre éin gong om morgonen og éin gong om kvelden, også dersom bornet hadde bæsjebleie. Jenter på 10-12 år var dei som tok seg av dei minste. Per fortel om barneheimen:

Spedbarn og opp til 1 ½ år, de lå i sengen i noen stroppeposer så de ikke kunne reise seg, uten leker, og med forheng rundt. Slik at det ble minimalt med inntrykk også, så jeg har en ekstrem hørsel, det sier legen. Jeg lå og lyttet, det var det eneste jeg kunne gjøre. Og minner som da må vere fra før 1 ½ års alder, det er å føre hånden opp og ned på sprinklene med avskallet maling, den følelsen har jeg ennå. Jeg kan når som helst oppleve det igjen. Og hvis jeg kjeder meg sitter jeg og tegner opp mønsteret i lister og bjelker og sånn med øynene. Det kjenner jeg også igjen fra den tiden – for det var det eneste jeg kunne gjøre, føle på sprinklene, og å se i taket. (Per).

Gjennom andre sine forteljingar om forholda på barneheimen har Per fått stadfesting og forklaringar på sine minner, kjensler og opplevingar som han seier sit att i kroppen. Sett i denne samanhengen, gjev det meining. I sitatet ovanfor, er det óg ei nær kopling mellom notid og fortid som vi til dømes kan sjå ved kommentaren ”Jeg kan når som helst oppleve det igjen”. Ved dette gjer han opplevingane frå 1 ½ års alder relevante for livet sitt i dag.

Ragnhild budde på til saman fem ulike barneheimar, i tillegg til ei utplassering på gard. I sine saksdokument har Ragnhild funne ut at Misjonen meinte ho var ”sinnssjuk” og ”psykisk tilbakeståande”, og vart dermed sendt på ein institusjon for born med psykisk utviklingshemming. Ho fortel at ein lege som utførte ulike testar på henne, gav tilbakemelding til Misjonen om at dette var feilplassering og at ho ikkje høyrde heime der. Misjonen responderte ikkje på dette. Ragnhild har fått informasjon om dette og andre forhold frå opphald på institusjonar gjennom saksdokument ho har fått tak i som vaksen. Etterkvart vart ho sendt vidare til ein heim for ”evneveike” i staden. Ho seier følgjande om den institusjonen:

Det var veldig strengt. Den gangen hadde de jo lov å banke unga óg vet du. Det var jo ris. Bjerkeris. Han bestyrer Moe, han sa det, ”du fikk fjorten rapp på rumpa og du skreik ikke en gang.” Nei, jeg gjorde ikke det. Men det svei no styggelig. De hadde et eget rom da, til avstraffelse. Og jeg hørte de som var ute på luftegården eller gårdsplassen som skreik noe styggelig der. Ba om nåde og la seg ned på knærne, vær så snill, vær så snill. Like forbanna fikk de rapp over ræva så det sang. (...) Jeg protesterte vanligvis ikke. Jeg oppfattet de som bødler. Jeg var livende redd dem rett og slett. Hva dem kunne finne på. (Ragnhild).

Dette er ei av dei meir detaljerte skildringane av forhold rundt avstraffing som kjem fram i empirien. Her ser vi korleis ho vurderer erfaringane og straffa som vaksen, og knyt det saman med utilreknelege vaksne utan empati; ho skildrar dei som bødlar. Tidlegare budde Ragnhild på ein barneheim som var driven av Misjonen. I frå den barneheimen skildrar ho korleis borna fekk juling og sengestraff, og at dei vart stengt inne i trange, mørke rom. I narrativa om straff inngår ein del av dei same elementa i forteljingane. Desse elementa kan mellom anna vere vilkårlegheit, sterke reaksjonar på små hendingar, og svært få moglegheiter til å kome unna. Narrative om straff kan óg sjåast å gå inn i kollektive forteljingar i romanikulturen angående kva behandling dei som taterar fekk på barneheimar og institusjonar, saman med det som har kome fram gjennom tidlegare historier og forskning. I Anne Berit Sandvik sin studie vert det skildra straffer som øyrefikar og slag, slag med bjørkeris, pisk eller stokk, spark på leggen, dusjing i iskaldt vatn, å bli sendt til sengs utan mat, med meir (1999, 121). I si gransking av offentlege barneheimar og skuleheimar/spesialskular i perioda 1945-1980, kjem Befringutvalet fram til at det har vore ein utstrakt bruk av fysisk avstraffing generelt, som til dømes slag, spark og innelåsing i mørke kjellarrom (NOU 2004: 23, 9). Å bli innestengt i trange, mørke rom er det fleire av informantane i denne studien óg som fortel om, enten for seg sjølv eller andre. Juling og ris er ord som vert brukte av alle, noko som gjev eit bilete av at det var vanleg praksis. Nokre meir spesifikke moment som vert skildra, er øyrefik som vert nemnt av eit par informantar, to fortel om tvangsforing, og ein informant fortel at dei fekk pepper i munnen når dei snakka stygt.

I narrativa om straff, inngår også skildringar og karakteristikkar av dei som utøvde straffa, det vil seie tilsette i institusjonar, fosterforeldre og/eller andre vaksenpersonar. I sitatet ovanfor, såg vi korleis dei vaksne vart skildra som bødlar. Andre døme på negative karakteristikkar på tilsette i institusjonar, er kjeltring, banditt, humørsjuk, kommunistisk, og ”en ordentlig gær’n person”. Ragnhild fortel vidare om rømmingar på ein av dei tidlegare barneheimane, og den straffa som då venta:

Jeg stakk av en gang. To ganger stakk jeg av derfra. Men jeg kunne ikke stikke av igjen for da ble jeg plassert i sånn isolat. Med sånn tvangstrøye og greier vet du. (...) Ja så jeg var nede i... tror dette var i kjeller'n. De hadde sånne kott der med sånne festegreier på veggene og sånt noe. Med kjettinger og litt av hvert sånt. Også et lite gløtt i et sånt bitte lite vindu på veggen. (Ragnhild).

Dei detaljerte skildringane av rommet som blei brukt til avstraffing, gjev eit bilete på ein svært inngrípande praksis. Her ser vi óg eit døme på avgrensa handlingsrom, som eg kjem attende til seinare i analysen; Ragnhild innser i dette tilfellet at rømming ikkje lenger er ei

handlingsmoglegheit for henne sidan straffa som då ventar var for streng til å takle. Vidar fortel om isolering på eit mørkt rom som avstraffingsmetode:

Jeg ble jo mobba og fikk veldig mye straff og... og dette med at jeg ble låst inne, spesielt i kjelleren der, i et mørkt rom. Mens de dunka rundt og gjorde meg veldig nervøs, kan du si. Som liten gutt ble det jo ikke mindre problemer på grunn av det. Dunka hull i veggen og sov veldig urolig. (Vidar).

Vidar knyt denne spesifikke straffemetoden saman med vanskar han hadde som liten. Han nemner at dei vaksne ”dunka”; ein annan stad i intervjuet fortel Vidar at dei vaksne sto og banka utanfor rommet der han var isolert, noko som skapte mykje frykt for han.

Miriam budde på ein barneheim som skilte seg litt frå dei barneheimane dei andre fortel om ved at den ikkje verka like ille som dei andre. Dette var ein barneheim driven av ein annan kristen organisasjon enn Misjonen. Men jamvel om denne skiljer seg ut i positiv forstand, skildrar Miriam styraren ved barneheimen som veldig streng og fortel om fysisk avstraffing også her:

Hun var så til de grader streng, så det var veldig mye tukt med henne. Og det var mye juling å få av henne, på blanke messingen. Men da hun sluttet, overtok kokken som styrinne, og hun hadde en annen type menneskesinn. (...) Hun var et roligere og sindigere menneske, mye mer forståelsesfull, hun hadde ikke vonde tanker, så hun var utrolig grei. (Miriam).

Som sitatet viser, legg nokre informantar vekt på at behandlinga dei fekk på institusjonane var personavhengig. Ulike vaksenpersonar utøvde ulike former for straff. Nokre vaksenpersonar utøvde meir vald mot borna enn andre, men det fanst også omsorgsfulle vaksenpersonar. Det er gjerne éin eller fleire personar dei skildrar som særleg ille, og av og til ein og annan dei kategoriserer som ”snill” eller ”grei”. I den samanheng blir det for øvrig også nemnt av eit par informantar som var i Misjonen sine institusjonar, at dei snille fekk sparken. ”For Misjonen skulle ikke ha sånne folk som var humane og sånt noe, det inntrykket fikk jo vi da. Det var mer av den strenge typen.” Det at dei snille fekk sparken kjem også fram i Sandvik sin studie (1999). Informantar i den studien oppfattar det som at dei tilsette fekk sparken fordi dei ikkje klarte å vere så strenge og straffe hardt nok, og/eller fordi dei vart glade i borna (Sandvik 1999, 181-183).

Eit par av informantane, Kjetil og Vidar, fortel at dei vart kraftig medisinererte når dei var plasserte på institusjon. Det dei fortel inngår i narrativ om ikkje å ha kontroll med kva dei vart utsette for. Kjetil har fått innsikt i journalar om seg sjølv i vaksen alder og fortel ut i frå det: ”De har jo medisinerert meg i flere måneder med medisiner som, for det første, styrken var alt

for høy, og det var medisiner som ikke skulle gis mer enn en kort periode, og ikke var jeg til utredning, de bare gav meg.” Kjetil påpeikar at han har fått sjå i dokument kva og kor mykje han fekk av medisin, og med utgangspunkt i det ser han det som uforsvarleg og uforsiktig bruk av medisin. Ut i frå det Kjetil fortel, vart han rekna for å vere uroleg og ”problematisk” med medisiner som ein konsekvens. Dette kan sjåast som subjektposisjonar Kjetil vart tildelt, eit analytisk omgrep som handlar om korleis dei vaksne såg på og tolka Kjetil. Ein subjektposisjon har eit visst normativt innhald i ein særskild kontekst. Ved å bli tildelt ein subjektposisjon seier det både noko om korleis personen vert oppfatta og samstundes kva rammer personen vert plassert innanfor. Den aktuelle subjektposisjonen gjev slik moglegheiter og avgrensingar for den personen som vert posisjonert (Davies og Harré 1990; Søndergaard 2000, 77-87). I dette tilfellet vart Kjetil tildelt negative subjektposisjonar som problematisk og uroleg, og når dei vaksne var autoritetspersonar som hadde ”omsorgsansvar” for han, var dette subjektposisjonar som gav avgrensingar. Kjetil fortel óg at han har sett i saksdokument å ha blitt kategorisert som kriminell, sinnssjuk og ”til skade for uskyldige barn”, allereie i 10-års alder. Saman med å vere ”uroleg”, kan dette sjåast som subjektposisjonar som kan ha ført til kraftig medisiner. Kjetil meiner óg at han vart flytta mykje rundt på ulike spesialinstitusjonar fordi han vart sett som uroleg. Spesialinstitusjonane skildrar han som særleg ille å vere på. Vidar fortel at han blei ”kjørt full av piller” for at han skulle vere roleg. Slik kan han óg seiast å ha vorte tildelt ein subjektposisjon som uroleg, der dei forsøkte å hanskast med det ved å gje han mykje medisin. Ved å bli tildelt subjektposisjonar som urolege av dei tilsette på institusjonar, vert medisiner eit middel for å handtere og kontrollere den ”urolege” atferden deira. Vidar fortel om medisineringa: ”Jeg var jo som en prøvekanin på den tida. Så jeg ble vel mer eller mindre medisinsk sterilisert når jeg var liten.” Orda sterilisering og prøvekanin som blir nytta i sitatet, viser at Vidar, som Kjetil, vurderer medisineringa han vart utsett for som uforsvarleg og skadeleg.

Audun fortel om ei hending på Svanviken arbeidskoloni som gjorde at han bestemte seg for å rømme med familien. Styraren hadde stengt sonen og niesa hans inne på eit rom i eit par timar fordi dei hadde teke noko bær, og Audun framhever at dei tissa på seg fordi dei var så redde. Han fortel vidare om opphaldet på Svanviken:

Nei, det var steinhardt der oppe, han var så fæl han bestyreren. Han drev oss som slaver... De var ikke vandt til å arbeide på gård, men måtte jo det, ellers så fikk man ikke mat. Så ble det satt møte på dem, og han trua med å ta ungene. Og så var det tvang å gå i kirken, det var tvang til alt. (Audun).

Her ser vi skildra vanskelege kår å leve under, tvang til å følgje eit fastsett opplegg og til å jobbe hardt der Audun nyttar ein sterk metafor som slavearbeid. Trussel om å miste borna, var ein måte tvangen vart gjennomført på. Også denne forteljinga kan sjåast å omhandle manglande kontroll og lite moglegheit til å påverke sin eigen kvardag. Pettersen viser at opphaldet på Svanviken greip inn i moglegheitene til å utøve foreldreskap, då det var dei tilsette og ikkje foreldra, som tok avgjersler, og mellom anna avgjorde når borna skulle ha straff og kva straff dei skulle ha (Pettersen 2005, 106-107).

5.4 Fosterheimsplassingar

Seks av informantane har vore plasserte i fosterheim, nokre i ei rekke av mange plasseringar. Dei som var korte perioder i fosterheim, legg vekt på at behandlinga dei fekk der ikkje var bra. To av dei seks informantane som var i fosterheim, var plasserte ei periode på gardar. Svein skildrar at det var eit reint ”slavearbeid”, med lite mat, strenge vilkår og hardt arbeid store delar av dagen, i tillegg til skule. Gerd Hagen påpeikar at mange av fosterheimane på denne tida kunne vere motiverte til å ta i mot born ut i frå eit ynskje om å tene pengar og få arbeidshjelp (Hagen 2001, 75). Dette er forhold som stemmer godt overeins med Svein sine skildringar og opplevingar av fosterheimen. Han fortel at pengar og arbeidskraft var drivkrafta for fostermora, og at han blei behandla dårleg av henne. Sistnemnte ser vi eit døme på her:

Det var 30 kuldegrader ute. Og de hadde tatt opp vinduene og ikke varme på eller noe. Og det som redda meg var bikkja på den gården. Hadde en gammel elghund. Og den la jeg beina på så jeg fikk varme i beina. Det hjalp på hele kroppen. Den gamle bikkja. (Svein).

Hunden kan her sjåast på som ein kontrast til fostermora sitt svik og mangel på omsorg, då ho var den som skulle ha teke vare på Svein. Hunden vert redninga for Svein i denne situasjonen.

Til forskjell frå Svein, fortel Ragnhild at ho trivdest på den garden ho budde ei periode, og at det var ”fine folk”. Det skildrar ho vidare som noko uventa og sjeldant: ”De visste at jeg var av reisende folk. De respekterte meg som menneske. Ja det var sjelden kost. Det var virkelig sjelden kost da vet du. (...) Men vi kom godt overens. Fikk til og med lønn der og.” Dette er ei forteljing som skiljer seg ut frå andre sine forteljingar, og også frå dei oppveksterfaringane Ragnhild elles fortel om. På den måten kan forteljinga sjåast som eit motnarrativ i det den viser til erfaringar utanom det vanlege sett i denne konteksten. Den står som ein kontrast til resten av oppvekstforteljingane i denne studien. Motnarrativ kan definerast som forteljingar som står i opposisjon eller motsetnad til dominerande kulturelle narrativ (Andrews 2004, 1).

Sitatet vert ei forteljing om omsorg i det den synleggjer at det var noko ho elles *ikkje* opplevde. I sitatet er det respekt som vert vektlagt som særleg viktig, og det gjev oss dermed eit bilete av at respekt elles var ei mangelvare.

To av informantane hadde langvarige fosterheimsplasseringar der dei knytta seg til fosterforeldra og i dag reknar desse for å vere deira familie. Dei to hadde gode opplevingar med fosterforeldra sine. Men også i deira forteljingar blir det vist til ein oppvekst under vanskelege forhold. Den eine informanten, Even, fortel at fosterfaren var alkoholikar og at han slo Even. Den andre informanten, Per, fortel at fostermora hadde store, langvarige psykiske problem. Både Per og Even meiner at fosterforeldra berre vart vurdert ut i frå økonomiske kriterium, og at det ikkje vart teke omsyn til eller gjort noka vurdering av fosterforeldra sine omsorgsevner. I sine refleksjonar rundt dei vanskelege opplevingane i fosterheim, knyt Per vanskane særleg saman med fosterforeldra sine omsorgsevner. Han vektlegg betydinga av fosterforeldra si omsorgsevne særleg fordi han som vaksen vurderer at han var eit traumatisert born med store behov. Også Vidar meiner at han var plassert i ulike fosterheimar på grunnlag av økonomi. Han opplever å ha blitt plassert der han var for ”pengenes skyld”, og seier at kjærleik, omsorg og tryggleik hadde vore mykje viktigare enn god økonomi. Vidar tolkar dette i retning av at han som person var uviktig i motsetnad til økonomiske forhold. Han framstiller Misjonen som likegyldige til korleis han hadde det, og at dei ikkje hørde på han og dei ynskja han hadde knytta til fosterheimsplasseringar.

5.5 Flyttingar

Kjersti Ericsson har danna eit omgrep for å skildre det fenomenet at mange born som veks opp under barnevernet flyttar mykje; nemleg ”barnevernsnomaden” (2009, 115). Ho peikar på det paradokset som det låg i at taterborna skulle gjerast bufaste gjennom ein målretta politikk, og det faktum at mange av dei endte opp med å vere på stadig flyttefot i barnevernet sin regi (Ericsson 2009, 115-116).

Også nokre av informantane i denne studien fortel om ein barndom med mange flyttingar. I praksis betyr slike flyttingar fråvær av stabilitet og kontinuitet. Det inneber oppbrot, tapte relasjonar, manglande moglegheiter til å knytte seg til andre vaksne og born, og for mange førte dette til ein stor utryggleik. Ragnhild budde som vist seks ulike stader i løpet av oppveksten. Even, som i utgangspunktet var adoptert av fosterforeldra, vart likevel plassert på barneheim når han var seks år fordi han var ”uroleg” og ”gikk på gata”. Han budde på to ulike

barneheimar i til saman sju år, i tillegg til ein spedbarnsklinikk han budde på som baby. Etterkvart flytta han heim att og budde saman med fostermora etter at fosterforeldra var skilt. Vidar vart flytta veldig mykje i barndommen. Han budde 15-16 ulike stader i oppveksten, i frå eit par månader til eit par år dei ulike stadane, og han fortel at han berre ”plutseleg vart flytta”, utan å bli førebudd på det. I narrativa om flytting, inngår mellom anna mangel på kontroll, både for dei sjølv og frå dei som var ansvarlege. Det å bli sendt rundt som ein pakke inngår også i narrativa. Vidar seier: ”Jeg har alltid følt meg som en kasteball i systemet. Det er klart det er veldig ødeleggende for en guttunge å bli plassert så mange steder og ikke ha en fast fosterfamilie. Det har ødelagt veldig mye for meg opp gjennom livet.” Her gjer Vidar ei kopling mellom barndommen og vaksenlivet, og meiner at dei mange flyttingane og ”rotløyse” som han skildrar det som, fekk avgjerande konsekvensar for han i negativ forstand. I intervjuet fortel han om kor vanskeleg og opprivande det var å bytte skule så ofte og forlate venner han hadde fått. Han fortel at han stod utan tilbod frå Misjonen/barnevernet frå han var 16 år, og at han då gjekk over til eit liv som ”gategutt” fordi han ikkje hadde nokon annan stad å reise.

Kjetil var ein annan som flytta mykje, hovudsakleg i ungdomsåra:

Fra jeg var 14 til 17 år var det fullt kaos, ingen visste hva jeg gjorde, de bare sendte meg rundt til forskjellige steder, så jeg var jo bare noen uker på hvert sted. Det var helt vilt. (...) Jeg fikk verken hjelp eller støtte, jeg ble jo sendt rundt på fosterhjem og var på hybel og pensjonat, jeg ble sendt rundt omkring, fra jeg var 14 år ble jeg sendt rundt som en pakkepost, fordi barnevernet ikke visste hva de skulle gjøre med meg. (Kjetil).

Kjetil opplevde som Vidar at alle flyttingane var opprivande og øydeleggjande. Kjetil blei utskriven av barnevernet sin omsorg halvanna år før han eigentleg var myndig, og han sjølv tolkar dette som eit uttrykk for at barnevernet ikkje visste kva dei skulle gjere med han og at dei ikkje hadde kontroll. ”Pakkepost” vert i dette sitatet eit bilete på å bli behandla som ein ting; ein pakke, og ikkje eit menneske. Borna vart eit objekt som andre vaksne flytta rundt, og der det mangla emosjonell tilknytning mellom born og vaksen.

5.6 Kontakt med biologisk familie

Informantene fortel at det var vanskeleg å oppretthalde kontakt med biologisk familie. Det er noko vi kan kjenne att i frå tidlegare forskning på området (sjå mellom anna Bjerkan og Dyrli 2001, 11; Fodstad 1999, 46-49; Sandvik 1999, 212; Ørnevik 2014, 47). Misjonen ynskte å bryte kontakt mellom born og foreldre slik at borna skulle vekse opp og ha tilhøyrsløse til den

norske kulturen i staden for taterkulturen (Pettersen 2000, 79, 84). Ingen av informantane i denne studien vaks opp på same barneheim som søskena sine, sjølv om eit par stykk vart tekne samstundes som søskena og til å byrje med var plasserte på same stad. Ein seier om søstra si: ”Vi ble skilt fra hverandre etter ganske kort tid. (...) For Misjonen ville jo helst ikke at vi skulle ha kontakt. De ville jo splitte familier og sånn på den tida der.” Ordet ”splitte” er eit ord som vert hyppig brukt av mange i samtale kring familiar og Misjonen si verksemd.

Tre personar fortel om kanskje eitt eller to besøk av mor eller far, men at dette eigentleg var utanom det som Misjonen tillot. Fem av informantane fortel at dei miste heilt kontakt med familien sin. Èin vart fortald at mora var død, men det viste seg seinare at ho ikkje var det. Gåver og brev mora sende, kom aldri fram. Ei anna meiner ho vart skilt frå søstra og flytta på ein annan barneheim enn henne fordi mora kom og besøkte dei der dei først budde saman. To personar heldt kontakt med familien sin undervegs. Den eine var Miriam, som vart plassert på barneheim berre 10 km. frå der ho budde. Jamvel om eg har skildra dette som ein mildare barneheim enn dei fleste andre, så fekk ho ikkje lov å ha kontakt med familien, det gjorde ho i skjul. Ho fortel at mora ikkje fekk bli invitert i konfirmasjonen, men at derimot onkelen fekk lov å kome. Svein heldt også kontakten med besteforeldra sine gjennom å rømme gjentekne gonger frå garden han var plassert på til byen der besteforeldra budde. I begge tilfella hadde alderen deira og geografi innverknad på at denne kontakten var mogleg.

Audun som ikkje sjølv var plassert, fortel om to søsken han aldri har sett og ikkje har funne ut av kven er. Han vart óg fråteken eigne born som han fekk kontakt med att når dei var vaksne. Kor mykje kontakt dei hadde undervegs kjem ikkje klart fram av intervjuet.

Ein del har opplevd store vanskar i relasjonen til biologisk familie etter sameining. Tonje Ørnevik går nøyare inn på tematikken rundt kontakt og sameining med biologisk familie i si masteroppgåve, basert på same empirien som i denne studien (2014). Ørnevik finn at graden av vanskar rundt sameining, har samanheng med informantane sin oppvekst og om dei hadde noko kontakt med familie undervegs (2014, 58). Alle informantane opplevde deler av sjølve sameininga positiv, men tida etter sameining baud på vanskar for fleire, der fråver av familiekjensle, ubehag og ei kjensle av at familien var framade, er noko som går igjen (Ørnevik 2014, 58-60, 62, 66-69).

5.7 Møte med lokalbefolkninga

Eg vel her å sjå på informantane sine møte med lokalbefolkninga. Liten kontakt med lokalmiljø gjev informasjon om livet dei hadde på institusjonar, og ein oppvekst under offentleg omsorg kan mellom anna verke inn på korleis borna blir sett på, då det bryt med det som er rekna for å vere "normale" oppvekstvilkår (Jansen 2013, 82). Samstundes gjev det eit meir utfyllande bilete av oppveksten til informantane.

Erving Goffman har utvikla omgrepet "totale institusjonar", og viser med det til eit lukka system der formålet er å kontrollere flest moglege aspekt av liva til dei som bur innanfor desse systema. I dette inngår isolering frå omverda og avgrensa moglegheit til å bevege seg både i og utanfor institusjonen (1961/1967, 11-14). På den totale institusjonen skjer alle kvardagslivets aspekt, som til dømes soving, måltid og fritid. Dagleglivet skjer i fellesskap saman med ei gruppe, og kvardagen er lagt opp etter faste, strenge rutiner (1961/1967, 13). Sandvik (1999, 212, 218-219) og Ericsson (2009, 60-61) nyttar "totale institusjonar" som tolkingsramme for barnevernsinstitusjonar i det førre århundret. Born levde i institusjonane under streng kontroll, og institusjonane var meir eller mindre isolerte frå omverda. Totale institusjonar kan óg sjåast som eit relevant omgrep i denne studien, då kontrollen på mange måtar var streng ved institusjonane; ved strenge reglar, straff ved uynskja atferd, tilsyn store deler av døgnet, manglande moglegheit til å ferdast utanfor institusjonen og til å ha kontakt med til dømes familiemedlemmer. I informantane sine forteljingar går det dermed fram at dei ofte ikkje hadde så mykje kontakt med lokalbefolkning. Samstundes meiner eg at omgrepet totale institusjonar ikkje fangar opp heilskapen i informantane sine barndomsforteljingar. Goffman si tilnærming til totale institusjonar kan bidra til å forstå og fortolke nokre aspekt av det informantane fortel. Samstundes er det nokre avgrensingar med denne tilnærminga. Sjølv om det strenge regimet på institusjonane, og også i nokre av fosterheimane, var ei viktig ramme for informantane sine kvardagsliv, så viser dei óg til andre arenaer og andre aktørar som var med å forme kvardagen deira. Dei fleste av informantane gjekk til dømes på skule utanom institusjon, og skuletida var ein viktig del av møte med lokalbefolkning. Even og Per som var plasserte langvarig i fosterheim visste ikkje sjølv at dei var taterar, og dermed visste heller ikkje andre i lokalmiljøa om deira kulturbakgrunn. Av den grunn ser ikkje møte med lokalbefolkning ut til å vere noko uvanleg for dei i motsetnad til andre norske born.

Dei stadane medelevar og lærarar er omtalt er dette berre med negativt forteikn. Eit døme på det kan vi sjå hjå Ragnhild:

Det var så ille, vi prøvde å gå på skole men det nytta ikke vet du, for det var mer mobbing og plaging enn det var undervisning og sånt noe. Så jeg, når jeg kom og var ferdig med institusjonene, så kunne jeg verken skrive eller lese da jeg var nærmere tjue år gammel. Da var jeg analfabet, men det har jeg tatt igjen i senere tid. (Ragnhild).

Ragnhild skildrar mobbinga som så omfattande at ho ikkje fekk høve til å lære noko på skulen, og ser mobbing som grunnen til at ho lenge var analfabet. I dette sitatet finn vi forteljingar om stigmatisering og utestenging av taterar, og det kjem enda tydelegare fram i noko Ragnhild seinare fortel:

At det var forskjell på taterunger og unger fra borgerskapet, det var helt sikkert. Disse som skulle undervise oss, de var på parti med borgerskapets unger. Det lyste tvers igjennom óg det, vet du. Også dette med klær på kroppen, det var ikke sånn at vi kunne gå i dusjen og få av oss pisslukten og alt det der etter nattens sengevæting. Det var samme klærne og fillete tøysko. Du så så shabby ut, vet du. Så stilte du en fra borgerskapet ved siden av en taterunge, så så du tydelig forskjell. Det sosiale skillet blant annet, på klesplaggene. (Ragnhild).

Tater som eit stigma eller eit stempel, blir synleggjort i sitatet i og med at dei blir forskjellsbehandla og mobba på bakgrunn av å vere tater (Goffman 1963/2009, 43-44). Rufsete klede og vond lukt vert nokre av kjenneteikna på dei som var taterar i denne samanhengen. Det kunne kanskje bidra og underbyggje til ei vidare annangjering og stereotypisering av taterane som til dømes mindreverdige, som i neste runde kunne legitimisere diskriminering (Goffman 1963/2009, 47; Ytrehus 2001, 12-16). Kleda og vond lukt skapar eit tydeleg skilje til dei etnisk norske borna som Ragnhild påpeikar, i tillegg til det skiljet som allereie er der ved at dei ber stigmaet tater. Kledninga kan sjåast som ”stigmasymbol”; teikn som gjer oss merksame på personar og som fører til ei nedvurdering (Goffman 1963/2009, 85). Stigmatisering med utestenging som følgje ser vi óg gjennom det Svein fortel om hans første møte med ein lærar: ”Men så husker jeg første dagen, på Enga skole het det, over broa, så sa overlæreren at du er tater, du, så sånne som deg vil vi ikke ha her.” Det var tydeleg at han ikkje var ynskja på skulen. Svein seier han vart mobba som tater både før og etter han vart utplassert på gard, og at han var i daglege slagsmål som følgje av det. Svein tok med andre ord igjen for mobbinga og forsvarte seg, noko Vidar óg fortel at han gjorde. Vidar fortel om mykje mobbing, men utan å gå nærmare inn på skildringar kring det. Også i Dyrliid og Bjerkan sin studie opplevde mange av informantane omfattande mobbing i skuletida og utestenging fordi dei var taterar (2001, 15-16).

Forteljingane om andre arenaer i nærmiljø og som ikkje handlar om skule, nyanserer biletet av korleis informantane opplevde å bli møtt av lokalbefolkinga. Miriam seier ho vart

behandla med respekt og ”som et menneske” av dei fleste utanfor barneheimen. Men ho trur ikkje dei visste at dei var reisande: ”Dei trodde bare vi kom fra dårlige hjem, med foreldre som ikke klarte å passe på ungene sine.” Ho knytter det altså opp imot å *ikke* vere stempla som tater. Ragnhild vart skulda for eit tjuveri og forhøyr av lensmann berre ein månad etter ho hadde flytta til ein gard. Ragnhild fortel at ho var heldig og at fostermora gav henne alibi. Ho vart etterkvart ven med lensmannen som då beklaga på vegne av dei lokale og snakka om det som ”borgerskapets hat mot dette lille folket.” I dette dømet ser vi altså eit tosidig bilete: Ragnhild vart etterkvart behandla bra av lensmannen (og fostermora), men ho vart urettmessig skulda for tjuveri av menneske i lokalmiljøet. Svein trekkjer på si side fram broren til fostermora hans som ”styggjen sjølv” med utgangspunkt i at han stadig skjelte Svein ut som tater og snakka veldig stygt til han. Samstundes kommanderte han Svein til å gjere ulikt arbeid. Denne mannen var nabo på garden Svein budde. Audun fortel om sine erfaringar med naboane ved Svanviken, at det var kjekke og hyggelege folk, som behandla dei bra. Dette, saman med fleire av dei nemnte døma, er døme på motnarrativ. Dei er sjeldne, men handlar om det same; nemleg forteljingar frå barndommen om å bli behandla med respekt og å bli behandla som eit menneske.

Vi får altså eit tosidig bilete av møte med lokalbefolkning, der fleire opplever å bli møtt med respekt, noko dei ikkje er vande med. I forteljingane ser dette ut til å vere personavhengig. Men omfattande mobbing av både lærarar og elevar på skulen er noko som går igjen. Dette er for øvrig noko som gjeld der borna er rekna for å vere taterar, og går dermed inn i ein narrativ om å vere stigmatisert som tater. For nokre informantar inngår forteljingar om stigmatisering og mobbing på utsida av institusjonar og fosterheimar som ein del av ein tøff oppvekst, saman med den harde behandlinga dei fekk på institusjonar/i fosterheimar.

5.8 Oppsummering

I dette kapitlet har vi sett døme på ulike oppvekstforteljingar under Misjonen/barnevernet sin omsorg i det førre århundret. Informantane omtalar omsorgsovertakingane som kidnapping, der dei plutselig vart henta, dei hadde liten kontroll over kva som skjedde og stod utan moglegheit til å medverke. På barneheimar og institusjonar var behandlinga prega av streng disiplin og mykje og hard avstraffing som til dømes juling og isolering på mørke kott. Fleire av informantane opplevde å bli kategoriserte med negative termar som urolege og problematiske, eller som sinnssjuke, noko som fekk store følgjer i form av medisiner og/eller omplassering til spesialinstitusjon. Det å mangle kontroll over kva som skjedde med

dei, inngår i narrativa. I fosterheimar er opplevingane ulike. Somme fekk eit greit forhold til fosterforeldre, og andre opplevde å bli behandla dårleg. Fleire av informantane opplevde at fosterheimane ikkje var godt eigna til å ta seg av dei, og fleire opplevde at økonomiske forhold stod i fokus framfor omsorgsevne ved val av fosterheim. Å flytte mykje var ein del av oppveksten til fleire informantar. Saman med fleire av dei andre oppveksterfaringane karakteriserast flyttingane som mangel på kontroll, samt å bli flytta rundt vilkårleg som eit objekt. Undervegs i oppveksten miste informantane kontakt med sin biologiske familie, med to unntak der kontakten med familie vart oppretthaldt i skjul og utan løyve. For dei fleste innebar altså livet under offentleg omsorg å ikkje ha så mykje kontakt med omverda. Møte med lokalbefolkninga skjedde hovudsakleg gjennom skule, noko som innebar omfattande mobbing og utestenging fordi dei var taterar. Nokre skildrar likevel andre møte med lokalbefolkning som gode, og dette framstår som motnarrativ; forteljingar om respekt som noko dei elles sjeldan opplevde.

6 Å skape meining i det vanskelege

Meiningsskapning kan sjåast som eit viktig omgrep, då mykje av narrativ teori kviler på at vi dannar oss forteljingar for å skape meining og samanheng i livet vårt. I følgje Jerome Bruner er det som bryt med det ”kanoniske” særleg viktig i danninga av narrativ, då ein gjerne har behov for å forklare og setje i samanheng det som bryt med det som er ”normalt” eller ”vanleg” (1990, 47-50). Oppvekstforteljingane som har kome fram i denne studien bryt med det dei fleste i samfunnet vårt har opplevd som born. Omsorgssvikt og vanskjøtte har gjennom forskning vore fokus på som skadeleg for born og for seinare vaksenliv, og dette er element som inngår i narrativa til informantane. Vidare bryt forteljingane med normen vi har i samfunnet om å vekse opp i biologisk familie, noko vi kan sjå mellom anna ved at det biologiske prinsipp er eit av grunnprinsippa som Lov av 17. juli 1992 nr. 100 lov om barneverntjenester (barnevernlova) byggjer på (Bunkholdt og Sandbæk 2008, 33; NOU 2012: 5, 41-42). Informantane i denne studien opplever til og med å ha vore ei særskild gruppe i fokus for omsorgsovertakingar grunna ein kulturbakgrunn som var rekna som uynskjeleg. Til saman utgjer dette fleire forhold som kan seiast å bryte med det kanoniske. Det vil slik kunne påkalle eit særleg behov hjå informantane for å skape meining og søkje forklaringar i oppvekstforteljingane. I dette kapitlet vil eg utforske dette meiningsaspektet i oppvekstforteljingane. Kva er det som gjev meining og samanheng til erfaringane deira? Kva ser dei som viktig i ljøs av oppvekstforteljingane sine og kva vier dei plass til å reflektere over i forteljingane sine?

Eg innleier med å gå inn på korleis informantane i studien ser på det å vere tater som ei viktig tolkingsramme for oppveksten sin. I neste del tek eg for meg korleis dei ser vanskar som vaksne som følgjer av oppvekstforholda. I den delen gjer eg ei todeling, der eg først viser korleis dei kopljar barndommen med vaksenlivet og korleis dei ser oppvekstforteljingane som avgjerande og øydeleggjande for deira vaksenliv. Vidare går eg inn på familiesplitting som ein del av dei konsekvensane mange opplever at oppveksten førte med seg, og altså som ein viktig ”øydeleggjande” faktor.

6.1 ... ”fordi jeg var tater”

Alle informantane uttrykkjer på ein eller annan måte at det vanskelege dei opplevde var fordi dei var taterar, og det går som ein raud tråd gjennom forteljingane. Kjetil ser for øvrig ut til å ha knytt narrativet sitt hovudsakleg til å vere ”barnevernsbarn” og til det å vekse opp under

barnevernet. Det er først i seinare tid at Kjetil har rekna bakgrunnen som romani som betydingsfull for barndomserfaringane. Med tanke på at konteksten der narrativa vart fortalt var eit intervju om oppveksten under Misjonen, er det kanskje ikkje så uventa at dei knyter oppveksten og kulturbakgrunn saman. Likevel er det interessant at dette så tydeleg har vorte ein måte å forklare og ”skape meining til” dei vanskelege oppvekstforteljingane. I det følgjande vil eg sjå nærmare på nokre døme på korleis det å vere tater gjev meining til narrativa.

Av nokre intervju kjem det fram refleksjonar på kva dei tenkte undervegs i oppveksten om den måten dei vart behandla av andre på. Kjetil fortel at han følte det var noko med han, men han visste ikkje kva:

Fra jeg var liten skjønte jeg jo at det var noe spesielt med meg, jeg følte meg aldri tilpass på skolen, men jeg har egentlig aldri tenkt noe spesielt over det, det var etter at jeg ble mer kjent med kulturen og folkene at jeg skjønte hva det innebærer å være av reisende. (Kjetil).

Fleire av forteljingane om barndommen handlar om utestenging og oppleving av å vere annleis utan at dei som born kopla dette til tilhøyrsla som tater/romani. Ein av informantane, Miriam, fortel at ho registrerte at andre born ikkje ville ha noko med henne å gjere, utan at ho skjønte kvifor det var slik: ”For jeg merket jo at før jeg hadde begynt på skole, var det ingen barn i nabolaget som ville ha noe med meg å gjøre.” Både Kjetil og Miriam fortel at dei på dette tidspunktet ikkje visste at dei var taterar. I notid knyt dei nemnte erfaringar saman med at dei var taterar, og at det var taterbakgrunnen som gjorde at andre såg på dei på ein annan måte, og at dei vart behandla slik dei vart. Kunnskapen om at dei var taterar fungerer som ei siste brikke i eit vanskeleg puslespel. Tateridentiteten gjev meining til biletet og heilskapen kjem på plass. Miriam fortel følgjande om å oppdage at ho hadde romanibakgrunn: ”Jeg forsto jo da at det var noe av grunnen til at jeg ble sendt på barnehjem.” Per uttrykkjer seg på liknande vis om å få greie på kulturbakgrunnen sin: ”Det var veldig mye som falt på plass når jeg fikk vite om ting”. Dette er ei setning eg opplever skildrande for det andre óg fortel, av dei som ikkje visste om kulturbakgrunnen sin før dei var eldre. Det å få vite at dei var taterar har altså gjeve dei ny informasjon som har opna for nye tolkingsrammer og bidrege til at narrativa har endra seg. Samstundes må denne meiningsskapinga også sjåast i ljøs av fokuseringa som har vore på dei uheldige sidene ved særomsorgen ovanfor taterar gjennom granskingar, forskning og mediebidrag. Per omtalar det han har vore utsett for som eit ”skrekkelig kapittel i norsk historie”, og plasserer slik sitt narrativ som ein større del av norsk historie. Også Audun ser vi forklarar hendingane med tilhøyrsla til ein minoritet: ”Vi skulle ikke ha lov til å ha

friheten som vi var født til. Vi er jo en minoritetsstamme, vet du.” Det at tilhørsla til å vere tater vert ei så viktig tolkingsramme for å forstå oppveksten og opplevingane kan òg sjåast som døme på korleis narrativ kan fungere som eit identitetsprosjekt (Bamberg 2012, 102; Bruner 2002, 14; McAdams 1993, 11-13; Jansen 2011, 37-39; Jansen 2013, 138-139). Ved å byggje opp narrativa om barndommen sin rundt det å vere tater, dannar informantane samstundes ein identitet som tater.

Nokre av informantane vaks opp med kunnskapen om at dei var tater. Denne kunnskapen var viktig i oppveksten, og er fortsatt viktig når dei vurderer opplevingane sine. Kunnskapen dei hadde i oppveksten om å vere tater, bind dei gjerne saman med at andre nytta ordet tater om dei og behandla dei dårleg på grunnlag av det. Ragnhild fortel at ho tenkte gjennom oppveksten at det å vere tater innebar å bli behandla annleis enn andre. Ho fortel mellom anna at ho opplevde å måtte akseptere å bli mobba når ho var tater. Eit anna døme på kva ho tenkte det innebar å vere tater ser vi her: ”Dette om at jeg var omstreiferslekt og jeg var på institusjoner og alt mulig sånt noe, jeg trodde det skulle være slik jeg. At hverdagen til tatere var slik. Basta.” I dette sitatet ser vi òg døme på eit narrativ som har blitt endra med auka erfaring, med kunnskap om andre sin situasjon og med forskning.

I kapittel 5 såg vi døme frå Ragnhild si forteljing på å ha eit medvite forhold til å vere tater og forklare opplevingane sine med det i oppveksten, knytta til mobbing og utestenging. Det såg vi òg i Svein sitt narrativ i same delkapitlet. Svein fortel i tillegg at han støtt gjekk rundt med kniv fordi han opplevde det som naudsynt ut i frå kva behandling han fekk av andre. Han nytta kniven til å forsvare seg frå mobbarar og andre vaksne som behandla han dårleg, og han nytta den for å true med. Innan taterkulturen har kniven, tjuro, ei stor betydning,¹⁰ og Svein ser måten han brukte kniven på i ljøs av bakgrunnen sin som tater.

Tateridentiteten blir ikkje berre gjort gjeldande i informantane si tolking av sjølve omsorgsplasseringa og av behandlinga dei vart utsett for. Også i tolkinga av flyttingar under barnevernet sin omsorg, spelar denne identiteten ei viktig rolle. Vidar meiner til dømes at ein del av omplasseringane han vart utsett for, hadde med å gjere at han var tater; ”Det var vel rett og slett fordi de fikk vite jeg var tater og fordi de ikke ville ha noe med meg å gjøre.” Han

¹⁰ <http://www.cultur.nu/knivar/artiklar/Resandekniven-hemsideartikel.htm>. Svein fortel at han nytta ein stor morakniv, som er ein enkel variant av ”tjuro”. Sjå også Schlüter 1993, 39 om ”tjuro”.

gjev eit døme på ein familie der han var ei veke og vart flytta att når dei oppdaga at han var tater.

Når Ragnhild vart myndig og skulle finne seg jobb, opplevde ho å ikkje få jobb heilt fram til ho fann ut at det sto i papira hennar at ho var av romanibakgrunn. Ho krevde at Misjonen skulle endre på papira hennar, og etter det fekk ho jobb. Likevel fekk ho greie på i etterkant at Misjonen hadde bedt arbeidsgivar om å følgje ekstra med på henne fordi ho var tater. Som vi såg tidlegare vart Ragnhild urettmessig skulda for eit tjuveri. Ho seier følgjande om det:

(...) Og der kan du se, bare fordi jeg var tater... Jeg var tater, vet du. Vi var pr. definisjon tjuver og kjeltringer vi. I og med vi har fått det stempelet tater. Så det syntes jeg var litt ubehagelig men jeg visste det, hvis det ble borte noe eller stjålet noe et eller annet i naboskapet der, så er det selvfølgelig med en gang, hvis det er en tater som jobber på legd. Så er det han som har gjort det. Sånt noe var, jeg synes det var så urettferdig. Vi var sånn halvkaster, vet du. (Ragnhild).

Ragnhild framhevar her nokre eigenskapar ho meiner dei vart tillagte som taterar. Det kan sjåast i samband med stigmatiseringsteori, noko Ragnhild også ser ut til å nytte som referanseramme i det ho snakkar om ”stempel” som tater. Fleire forskarar har knytta stigmatisering opp i mot det taterane opplevde, og det kan dermed ha bidrege som tolkingsramme for oppvekstforteljingane. Ellen Marie Marvik er ein av dei som har omtala folkegruppa som stigmatisert, og ho viser at taterar ofte vart rekna for å vere upålitelege og løgnaktige (1983, 25). Det kan også tyde på at fleire opplevde å bli tilskrivne tilsvarende eigenskapar som Ragnhild skildrar ovanfor på bakgrunn av stigmaet ”tater”.

Audun fortel at reisinga til taterane var bakgrunn for omsorgsovertakingar:

Nei, det var fordi vi reiste, reiste på landeveien. Det var grunnen til at de tok barna våre. Ikke bare fra meg, de gjorde det med alle reisende i hele landet. De tok unger i haugevis, og vi har nå svære møter et par ganger i året. Og alle kan fortelle det samme, de tok ungene, og der er mange som ikke har sett søskena sine, jeg har søsken jeg ikke har sett. (Audun).

Her ser vi at dei som taterar samlast og snakkar saman om omsorgsovertakingane. Det at dei vart fråtekne ungane sine grunna den kulturbakgrunnen og livsforma dei hadde, kan dermed sjåast som ein del av ein kollektiv narrativ mellom menneske med romanibakgrunn.¹¹ Som folkegruppe var romanifolket utsett for omfattande overgrep og inngripen. Det å snakke saman om kva dei opplevde kan sjåast i ljøs av eit behov for å skape meining og samanheng til dramatiske hendingar og opplevingar, kollektivt så vel som individuelt.

¹¹ Sjå om kollektive forteljingar også under *Omsorgplassering*.

6.2 ”Jeg sitter jo med ødelagt barndom og voksenliv”

Ei kopling mellom oppvekstforteljingar og vaksenliv

”De må ikke glemme hva de selv har gjort mot sitt eget folk. De har rett og slett ødelagt for et folk og da må de stå til rette for det, men de feier det bare under teppet. Det irriterer meg. Jeg sitter jo med ødelagt barndom og voksenliv.” I dette sitatet ser vi eit døme på ei kopling mellom det vedkomande ser som eit ”øydelaagd liv” og oppveksten under Misjonen/barnevernet sin omsorg. Ei slik kopling går igjen: Alle informantane skildrar vanskar dei og andre har og har hatt, og knyt det til oppvekstforteljingane. Dei legg ansvaret for oppveksterfaringane på Misjonen, barnevernet og den norske staten. Informantane snakkar gjerne om ”dei” (og viser til ein eller fleire av kategoriane eg nemnde ovanfor), og skapar slik eit tydeleg skilje til seg og til ”oss”. Eit døme på ein kommentar der ”dei” er omtala kan vere: ”Alt det faenskapet dem gjorde mot oss”. Dette er óg eit døme på at ansvaret for dei vonde tinga vedkomande har opplevd i oppveksten blir plassert hjå ”dei”.

Kjetil kjem med nokre refleksjonar på bakgrunn av den oppveksten dei som bortsette tatarar har hatt:

Det mange sliter med, også jeg, er det å knytte oss til andre mennesker følelsesmessig. Vi er veldig avstumpet mange av oss, litt ødelagte, ikke nødvendigvis på grunn av mishandling og overgrep, men på grunn av hvordan vi har vokst opp. De sier jo at spedbarn kan dø på grunn av mangel på kroppslig kontakt, og det høres fornuftig ut, de tar i alle fall skade av mangel på det. Og det er vel nettopp det som har skjedd med oss. (...) Vi har jo, helt siden vi var spedbarn, vært uten omsorg. Jeg så det var et stort spørsmål i Stavanger om omsorg og trøst, vi fikk jo aldri det. Det nærmeste vi kom å få skikkelig kroppskontakt var jo misbruk og avstraffelser, det er det de fleste av oss kjenner av nærkontakt, det var ikke noe positivt. (Kjetil).

Kjetil trekkjer her fram at dei har vorte skadde som følgje av oppveksten, i dette tilfellet med eit særleg fokus på mangel på omsorg og kroppslig kontakt. Ein annan informant fortel mellom anna om fysiske plager i oppveksten, og ser desse plagene i ein samanheng med å vere traumatisert og ikkje ha fått hjelp tidsnok. Denne informanten fortel at han både har gått mange runder i terapi for dette, og har søkt forklaringar ved hjelp av både fagpersonar og faglitteratur og forskning. I avsnittet ”mange flyttingar” viste eg korleis Vidar skildra seg sjølv som ein kasteball i systemet og meiner det øydela livet hans å flytte så mange gonger. Vidar koplar óg konkrete hendingar med å ha blitt isolert på mørke kott med det han kallar ”nerveproblem” i vaksen alder. Svein fortel om problem han har på nattestid som han knyt saman med oppveksten:

Etterpå at unger blir tatt og bortplassert og tatt fra sine egne viser det seg at de fleste får traumer. Og verre og verre blir det som årene går. Jeg er gæern om natta jeg altså. Kona tar meg mange ganger om natta da. Ellers river jeg ned det som er. Husker ikke noe jeg. Nei. Jeg samler på kniver og sånn ikke sant. Så jeg kan ikke ha kniver eller våpen i nærheten. Det hender at kniver og lamper og alt annet flyr rundt. Nattbordet óg... (Svein).

Svein fortel at han opplever at traumer og vanskar knytta til oppveksten blir verre med åra.

Det er noko Miriam óg opplever:

Faktisk så sitter mye av dette igjen, dessverre. (...) Man glemmer det jo ikke, jeg begynner å bli såpass gammel at korttidshukommelsen begynner å merkes, men det som har hendt som barn, det sitter som klistret. Og av og til synes jeg nesten det er verre nå som jeg er godt voksen. (Miriam).

Miriam opplever å vere prega av barndomserfaringane den dag i dag, og ho omtalar det ho opplevde som veldig sårt fortsatt. Audun fortel at fleire av hans egne born døde i vaksen alder. Han knyt deira dødsfall til psykisk sjukdom han meiner kom som følge av å ha budd på barneheimar der dei vart utsett for fysisk og psykisk mishandling: ”De fikk jo avstraffelser og regelrett juling og allting. Du vet, de ble ødelagt mentalt, det er klart”. Han skildrar det heile som ”tragiske skjebnar”.

Alle dei informantane som sjølv vaks opp under Misjonen/barnevernet sin omsorg fortel at dei har og har hatt ganske store vanskar i vaksen alder, til dømes i form av store rusproblem, kriminalitet, ulike fysiske plager og sjukdommar og psykiske vanskar i ulik grad. Dette kan knyttast saman med diskursar (og forskning) om at hendingar og forhold frå barndommen vil gje konsekvensar for livet som vaksen (Jansen 2013, 83-84).

”Det verste dem gjorde var å splitte familiene”

Eit viktig aspekt av det som mange av informantene omtalar som å ha fått ”øydelaagd livet sitt”, er ”familiesplittinga” dei var utsett for. Som vaksne vurderer dei at det å ha blitt tekne frå biologisk familie som born, har vore øydeleggjande og avgjerande i livet deira. Særleg avgjerande ser det ut til å ha vore i dei tilfella der informantane ikkje heldt kontakt med biologisk familie i oppveksten, og sameininga med familie dermed vart vanskeleg. I desse intervjuja kjem familiesplitting fram som sentralt i forteljingane, og som ein stor og problematisk konsekvens for deira vaksne liv. I det følgjande tek eg hovudsakleg utgangspunkt i dei informantane som heilt miste kontakten med familie i oppveksten: Ragnhild, Vidar, Even, Per og Kjetil.

Eit par av informantane snakkar om familiesplitting som ”det største overgrepet” som vart gjort mot dei: ”Det er det største overgrepet de har gjort, det at de splittet familien min. Det mener jeg er de største overgrepene Misjonen og kirka har gjort mot oss.” Begge desse informantane held det å få familien splitta opp i mot mange vonde opplevingar med mishandling, vanskjøtte og overgrep av ulik sort, og meiner at det å bli skilt frå familien gav dei største følgjene. Ein av informantane fortel at Misjonen har *øydelagt* for han med at han står att utan familie: (...) ”De prøvde å ødelegge veldig mye, og det gjorde de for meg óg. Jeg har jo ikke noe familie eller noenting så.. Jeg står jo klin alene jeg da, så de har jo greid det på den måten da.” Fleire skildrar at dei i praksis står att åleine og *utan* familie. I tillegg til ikkje å høyre til i nokon familie, skildrar mange vanskar med ikkje å høyre heime nokon stad i det heile, som vi kan sjå her:

Men jeg kan jo innimellom spørre meg hvor jeg hører hjemme, hvem jeg er og hvorfor jeg er som jeg er. Noe av det som er problemet med meg er at jeg ikke passer inn i det vanlige samfunnet, men jeg passer heller ikke inn i samfunnet til romanifolket, jeg har litt fra hver. Det er kanskje det jeg sliter mest med, det med identitet, jeg kjenner fortsatt at jeg ikke hører helt hjemme noen av stedene, og det er vel noe som veldig mange sliter med, det med identitet.

For vedkomande vert identitet eit problem fordi han ikkje høyrer til eller passar inn nokon stad. Fleire gjev inntrykk av å ha falle mellom to stolar, og mista moglegheita til å *høyre til*; dei savnar eit sterkare fellesskap. Som ovanfor vert det for nokre vanskeleg å oppleve tilhøyrslse både i det norske samfunnet og i romanimiljø, og det handlar gjerne om å ikkje kjenne seg godteken. Det å ikkje bli godteken vert óg nytta som grunngeving av nokre for kvifor dei trur sameininga med biologisk familie har vore vanskeleg, i tillegg til forklaringar om at dei har vore for lenge frå familien og er ”for annleis”. I tillegg vert biologisk familie omtala som ”framande” eller berre ”bekjente”, at der ikkje er noko ”familiekjærleik” eller ”familieforhold”, og for nokre framstår biologisk familie óg som avvisande. I det følgjande ser vi ein som endte opp i rusmiljø fordi dette var den einaste staden han opplevde å bli godteken:

Det var liksom der jeg ble godtatt på den måten jeg var. Jeg følte liksom ikke at jeg ble godtatt av selve samfunnet. (...) Følte ingen var glad i meg. Følte meg som en outsider kan du si, for systemet. (...) Så det (*rusmiljøet*) ble nærmest som en familie for meg. For jeg følte meg godtatt. Jeg følte meg ikke godtatt i selve samfunnet på måten de hadde behandla meg på. Så jeg var i mot hele samfunnet. I opposisjon mot samfunnet, og Misjonen og hele pakka.

Vi ser her demonstrert eit sinne mot Misjonen og samfunnet der han hadde hatt oppveksten sin, noko som tyder på at det norske samfunnet var framand og ikkje som ein stad der han kunne finne tilhøyrslse. Sju av dei åtte informantane gjev uttrykk for ein sterk mistillit til den

norske staten. Staten og det norske er kanskje vanskeleg å forholde seg til i og med at det representerer overgrep og ein vanskeleg oppvekst. Det var staten, med barnevernet og Misjonen i spissen, som tok dei frå familiane deira og som plasserte dei på stader der dei opplevde krenkingar, omsorgssvikt og stor utryggleik. Per og Even skiljer seg ut frå dei andre tre informantane eg her har teke utgangspunkt i ved at dei ser ut til å kjenne seg heime i norske miljø og til ei viss grad i deler av romanmiljø. Både Per og Even vaks for øvrig opp utan ein tateridentitet, og det kan kanskje ha verka inn på at dei har kjend seg godtekne i norske miljø. Likevel viser begge at dei har eit sterkt savn etter familie og savn etter å ha fleire nære relasjonar enn det dei opplever å ha. Dei skildrar óg store vanskar i kontakt med biologisk familie og vier mykje plass i intervjuet til å reflektere rundt dette.

Einsemd er ein dimensjon av det å mangle tilhøyrslø og sosial tilknytning. Det viser seg óg som eit framtrédande element i informantane sine forteljingar, som til dømes her: ”Så jeg vil nok si at det er mye ensomhet blant oss som ikke har vokst opp hjemme, vi er ikke noens” (...). Her knyt informanten saman einsemd med å ikkje høyre til i ein familie. Vidare ser vi eit anna sitat som går på einsemd og savn etter å ha fleire rundt seg: ”Jeg føler ikke at jeg kommer fra noe sted, jeg har ingen her og ingen der (...) Men jeg føler meg nok veldig ensom, egentlig (...) Jeg strever litt med savnet etter søsken, og det å kunne være mange, og å kunne lene seg på noen andre.” Her ser vi også skildra det å ikkje kome frå nokon stad.

Ein av informantane gjer seg nokre refleksjonar kring tap, sorg og savn på vegne av fleire med tilsvarande bakgrunn og oppvekst:

Men jeg ønsker at flere skal få hjelp til å bearbeide disse følelsene, vi er på en måte i en egen sorgprosess over tap, vi har tapt noe, vi har kjent veldig på sorg og savn, og det å ikke være blant våre egne, savn av foreldre og søsken, vi vet de er der et sted, men vi vet ikke hvor. Dette er noe som mange sliter med, og det tenker jeg mye på, for det merker jeg også selv, vi blir på en måte aldri ferdig med dette, vi bærer på følelser som vil være i oss resten av livet, og dette er følelser som vil dukke opp.

I dette sitatet ser vi korleis sorga og savnet fortsatt pregar i vaksen alder, og at det er nokre av følgjene etter å ha vekse opp på den måten dei har gjort. Vedkomande poengterer óg at tapet og savnet av familie er noko som vil prege dei for resten av livet, og dermed har store konsekvensar. Einsemd og savn etter å høyre til kan vi óg sjå igjen som ein del av innhaldet i dette sitatet.

Den sterke vektlegginga av einsemd kan gjerne sjåast som ein konsekvens av lita tilhøyrslø, både i majoritetssamfunnet eller romanimiljø, og ved å ha vore skilt frå biologisk familie så lenge at det er vanskeleg å knytte familiære band. I så fall gjev analysen eit bilete på familie og familierelasjonar som noko som må *gerast* og ikkje noko som berre *er* der (jamfør Ørnevik 2014, 72). I alle høve ser vi i dette delkapitlet at Ragnhild, Vidar, Even, Per og Kjetil i stor grad gjev ein dårleg oppvekst skulda for at dei i dag kjenner seg rotlause, einsame og ikkje opplever å ha nokon stad å høyre til eller kjenne seg heime.

6.3 Oppsummering

Informantane har vakse opp i ei periode der deira minoritetstilhøyrslø vart oppfatta som svært problematisk av storsamfunnet. I informantane sine forteljingar vert tateridentiteten gjort relevant i forhold til omsorgsovertaking, kva behandling dei fekk undervegs i oppveksten og også for forhold som å ha måtte flytta mykje. Deira forteljingar viser korleis det har vore å vekse opp som ei stigmatisert gruppe. Samstundes må forteljingane sjåast i ljøs av kva forhold som har vore fokuserte på gjennom forskning og mediebidrag, og som gjennom det har fungert som ei tolkingsramme og gjeve materiale til danninga av personlege narrativ. Vidare såg vi at informantane i denne studien koplør opplevingane frå oppveksten saman med dei ulike vanskane dei har opplevd som vaksne, og Misjonen og barnevernet får skulda for ”øydelaagd liv”. Det å ha blitt skild frå biologisk familie opplever nokre av informantane at har vore særleg øydeleggjande. Fem av informantane skildrar stor einsemd og lengsel etter nærre familierelasjonar og etter å høyre til, noko dei ser som konsekvensar etter å ha hatt ein oppvekst under Misjonen/barnevernet sin omsorg.

7 Subjektposisjon som tater og handlingsrom

I oppvekstnarrativa legg informantane stor vekt på at taterbakgrunnen var avgjerande for at dei vart behandla dårleg. Basert på det vil eg i dette kapitlet nytte det analytiske omgrepet subjektposisjon som eit reiskap til å utforske narrativa og kva det kunne bety for informantane å bli kategorisert som tater. Som vi såg i kapittel 3 viser subjektposisjon til ulike posisjonar ein kan ha som person; tilsvarande roller, men likevel meir dynamiske (Davies og Harré 1990). Ved hjelp av å sjå tater som eit stigma som kunne føre til at informantane vart nedvurderte og tillagt negative eigenskapar, utforskar eg innhaldet i tater som subjektposisjon. Vidare nyttar eg handlingsrom som eit analysereiskap for å studere oppvekstforteljingane, før eg til slutt ser på døme i datamaterialet på korleis informantane i studien kan sjåast å forhandle om subjektposisjon.

7.1 Tater som stigma og subjektposisjon

I dei ulike narrativa kan ulike subjektposisjonar trekkjast fram, og her vil eg ha hovudfokus på dei subjektposisjonane informantane ser ut til å ha vorte tilskrive av tilsette i Misjonen og andre vaksne autoritetspersonar som fosterforeldre, lærarar og liknande. Subjektposisjonar heng saman med omgrepet subjektivitet, og er slik knytta til sjølvkjensle og ei oppleving av kven ein er (Staunæs 2003, 103). Ein tilskriven subjektposisjon viser til korleis den posisjonerte aktøren blir tolka, og gjev følgjer for korleis vedkomande blir behandla. Tater var ein kategori og ein merkelapp som vart brukt om borna som kom under Misjonen sin omsorg, og som slik viste til kven dei var i Misjonen og majoritetssamfunnet sine auge. Denne kategorien gav visse moglegheiter og avgrensingar. Ut i frå dette kan tater sjåast som ein subjektposisjon. Denne subjektposisjonen kan sjåast som særleg sentral fordi det var eit stort fokus på at desse borna hadde taterbakgrunn: Som taterar var dei eit eige politisk mål for assimilering og oppseding til eit anna leveste enn dei tradisjonelt hadde hatt (Hvinden 2001, 7). Den kulturelle bakgrunnen var ein viktig del av utgangspunktet for at dei var komne under det offentlege sin omsorg, og dermed for at dei var på institusjonar og i fosterheimar, og det var også utgangspunktet for heile Misjonen si verksemd (Schlüter 1993, 79-81). I narrativa framstår subjektposisjonen tater som ein subjektposisjon med negativt innhald, i form av negative eigenskapar eller kjenneteikn som eg kjem nærare tilbake til. Desse eigenskapane og kjenneteikna kan sjåast som subjektposisjonar, men sidan dei gjerne vert knytta til å vere tater ser eg i tillegg tater som ein overordna subjektposisjon.

Dorthe Staunæs påpeikar at sosiale kategoriar som til dømes kjønn, alder og etnisitet kan vere eit utgangspunkt for posisjonering og for å danne hierarki, samstundes som sosiale kategoriar kan fungere som reiskap til inkludering og ekskludering (Staunæs 2003, 104). Ho viser slik at interseksjonalitet, eller sosiale kategoriar, kan verke inn på subjektposisjonar. Historia til romanifolket handlar om ei folkegruppe som har vore ekskludert frå samfunnet på bakgrunn av kulturtilhøyrse, og altså då på bakgrunn av den sosiale kategorien etnisitet. Når tater var ein sosial kategori som førte til utestenging, og tater som subjektposisjon som nemnt kunne vise til ein negativt ladd posisjon, vert stigmatiseringsteori relevant. Eit stigma fører i følgje Goffman nettopp til at ein vert skilt ut som avvikar og nedvurdert, og gjerne blir tillagt ulike negative eigenskapar (1963/2009, 43-47). Tater vert eit stigma; eit brennmerke eller stempel. Ved å definere "tater" med negative eigenskapar som er annleis enn normalen, kunne det vere ein måte å legitimisere undertrykking på (Ytrehus 2001, 12-13).

Taterar som folkegruppe, hadde eit negativt fokus på seg i samfunnet på store delar av 1900-talet. Dei negative vurderingane var knytta til ulike diskursar om innhaldet i det å vere tater; kven og korleis taterar var, både i samfunnet og i Misjonen. Pettersen viser til dømes at Misjonen rekna taterane for å ha ein særskild natur og karakter i motsetnad til andre, i store delar av perioda organisasjonen var verksam (1997, 39). Pettersen viser døme på det ved uttalingar om ei "evig uro" og om ei sjel som var gjennomtrengt av "løgn og uredelighet" (ibid.). Ein av Misjonen sine generalsekretærar, Ingvald B. Carlsen, tok initiativ til ei utredning av intelligens til romaniborna på barneheim i 1927 ved å uttale følgjande: "Vi har trukket på adskillige i alle disse år som har vært til utrolig skade! Vitterlig sinnssyke – og halvt åndssvake" (Haave 2000b, 40). Medisinstudent Mikael Kobro gjennomførte testen og konkluderte med at taterane var "et undermåls folkeferd" (Haave 2000b, 40), og at "barna arver sine foreldres slette intelligens" (Kobro 1931, 21, sitert i Pettersen 1997, 40). I Misjonen sitt medlemsblad, *På Hjemveien* frå 1953, vert også det dårlege arvestoffet omtala (sitert i Pettersen 1997, 41). Dette er døme som viser kva innhaldet i subjektposisjonen tater kunne vere frå Misjonen si side, og som óg viser noko av stigmatiseringa rundt denne folkegruppa. Borna i denne studien vaks for øvrig opp til ulike tider, så det er grunn til å tru at innhaldet i subjektposisjonen har endra seg i denne perioda. Til dømes var det ein rasehygienisk debatt i mellomkrigstida og under 2. verdskrig der taterar også var omfatta, som ikkje var like framtrédande seinare (Haave 2000a, 25-27, 388; Haave 2000 b, 33-38).

Til trass for at innhaldet i subjektposisjonen tater antakeleg varierte, viser informantane korleis dei vart kategoriserte av vaksenpersonar. Det tyder på at ”tater” likevel inneheldt noko av det same stigmatiserande innhaldet for dei som vist ovanfor. Informantane fortel om ulike karakteristikkar som vart brukt om dei, til dømes uroleg, vill, vanskeleg, løgnar, tjuv, kjeltring, åndssvak, sinnssjuk, evneveik, kriminell, undermenneske, halvkaste. Dette kan óg sjåast som subjektposisjonar. I nokre sitat knyt informantane somme av nemnte subjektposisjonar direkte saman med at det var fordi dei var taterar. Eit døme på eit slikt sitat kan vere svaret frå ein informant på eit spørsmål om kvifor han trur han vart behandla dårleg: ”Nei vi er da mennesker vi óg. Men vi var kanskje ikke mennesker i det hele tatt. For de fleste tatere var pr. definisjon, de var åndssvake, de var evneveike og sånt noe, vet du. Sånn var det blant alle unga på barnehjemmet, de hadde fått sånn stempel.” Dette kan vise til at ein subjektposisjon som tater innebar å bli tillagt fleire negative eigenskapar/subjektposisjonar. Mindreverdig er óg ein subjektposisjon som framgår av det totale innhaldet i materialet, mellom anna på bakgrunn av dei andre subjektposisjonane og det at dei vart behandla uverdige eller ”umenneskeleg” som eit par informantar seier.

Ragnhild og Kjetil opplevde begge at dei vart stempla urettmessig. Som vi har sett har Ragnhild lest i saksdokument at ho vart kategorisert som ”sinnssjuk” og ”psykisk tilbakestående” utan at dette stemte, og Kjetil vart allereie i 10-års alder stempla for å vere sinnssjuk, kriminell og ”til skade for andre”. Kjetil fortel at han vart rekna for å ha kriminelle gener av vaksne på institusjonar. Det kan ha vore fleire grunner enn at dei var taterar som gjorde at dei vart karakteriserte negativt, til dømes med utgangspunkt i atferden deira. Som vi har sett vaks borna opp under særst vanskelege oppvekstvilkår, noko som førte til ulike reaksjonar og ulike former for motstand mellom informantane. Dette kan ha bidrege til å forme dei subjektposisjonane dei vart tilskrivne. Sandvik viser i hennar studie at borna hadde ulike reaksjonar på vilkåra dei levde under på institusjonar. Desse vart tolka som at dei til dømes var ”sinnssjuka” (1999, 301-319). Eit anna forhold som kan ha verka inn på kva subjektposisjonar informantane vart tildelt, kan vere ei polarisering mellom borna og dei tilsette på institusjonar. Goffman hevdar det ofte skjer som ein del av livet på ”totale institusjonar”¹² der dei ulike gruppene gjerne ser kvarandre basert på eit stereotyp fiendebilete (1961/1967, 14). Korleis borna og dei vaksne i autoritetsposisjonar såg på kvarandre, har antakeleg vore eit resultat av mange ulike forhold og sosiale prosessar, knytte

¹² Under *Møte med lokalbefolkninga* knytte eg ”totale institusjonar” til denne studien.

til mellom anna samhandlinga og relasjonen mellom dei. Likevel kan tater som stigma sjåast som ein viktig faktor som saman med andre forhold har verka inn på dei aktuelle subjektposisjonane som informantane vart tilskrivne. Dette kan underbyggjast av dokumentasjonen eg viste til ovanfor og dei historiske forholda vi har sett rundt romanifolket i kapittel 2. Gjennom forteljingane i dei to øvrige kapitla har vi sett mange døme som óg kan vere med å underbyggje dette, mellom anna gjennom forholda kring omsorgsovertakingane, gjennom omfattande mobbing frå elevar og lærarar, Ragnhild og Svein som urettmessig vart skulda for tjuveri, eller Ragnhild som ikkje fekk seg jobb fordi ho var av romanibakgrunn. Eit anna døme er Svein som i eitt tilfelle vart forsøkt sterilisert på sjukehus i staden for å få den helsehjelpa han trong. Fleire av informantane fortel óg at tater vart nytta som eit skjellsord: Éin vart kalla ”forbanna taterunge” av fostermor når ho var sint på han, og ein annan fortel om tater som eit ord mobbarar brukte, utan at vedkomande då visste betydinga eller at han sjølv var tater. Even fortel om ein trussel som vart nytta på ein feriekoloni han ein gong var på: ”Er dere ikke snille barn så kommer taterne og tar dere!” Taterane vert her framstilt som farlege. Dette viser óg til at innhaldet i kategorien tater gjerne var sterkt negativt ladd, og det kan seie noko om innhaldet i tater som subjektposisjon.

Tater kan seiast å vere ein subjektposisjon som tilsa at dei skulle følgjast nøye med, då formålet med å oppsede dei var å sørge for at dei vart gode, moralske borgarar (Hvinden 2000, 14). Denne kontrollen vart gjerne grunngjeven av Misjonen med at dei hadde ein negativ arv med seg. Dermed hadde dei eit dårleg utgangspunkt som ein måtte forsøkje å få bukt med. Slik kan kanskje avstraffing og streng disiplin på institusjonane sjåast som eit middel til å handtere borna ut i frå ein subjektposisjon som tater. Dette må óg sjåast i ljøs av ein oppsedingsdiskurs der fysisk avstraffing var ein del av oppsedinga, noko som i følge Ericsson såg ut til å vare ved på ein del barne- og ungdomsinstitusjonar også etter fysisk straff vart forbode i 1954 (2002, 33-34). Samstundes ville uynskja oppførsel i ein pietistisk tankegang nettopp kunne føre til meir utstrakt bruk av tukt (Telhaug 1994). Dette fører oss over til handlingsrom.

7.2 Handlingsrom

I det følgjande vil eg nytte handlingsrom som eit analytisk omgrep, og føreslår med det avgrensa handlingsrom som ein måte å tolke og forstå delar av materialet på. Dette går inn på eit sentralt tema i sosiologien, nemleg skiljet mellom struktur og handling. Karen-Sofie Pettersen påpeikar at eit for einsidig fokus på å forstå taterane sine (motstands)handlingar,

hindrar oss i å sjå strukturane eller vilkåra dei var omgjevne av (2005, 33-34). Handlingsrom kan vere eit omgrep som tek høgde for dette, då handlingsrom viser til føringar, moglegheiter og avgrensingar for handling (Schiefløe 2003, 18). Dermed kan handlingsrom seie noko om dei strukturelle rammene rundt aktøren. Ein gjeven subjektposisjon verkar inn på kva handlingsrom ein har, eller dei moglegheitene ein har for å agere (Søndergaard 2000, 87). Diskriminering eller undertrykking som følgje av stigmatisering fører óg til avgrensa handlingsrom i følgje Goffman (1963/2009, 47). Det at tater gjerne var ein negativ subjektposisjon som innebar å bli tillagt ein del negative kjenneteikn som vi såg på over, har antakeleg verka inn på den behandlinga dei har fått og dermed på handlingsrommet deira. Noko som kan vere med å underbyggje dette, er eit utsegn frå ein av informantane som uttrykkjer at dei som taterar konsekvent vart verre behandla enn andre born som var plasserte på barneheimar. Noko av det same kjem fram i Sandvik sin studie der eit par informantar fortel at det var særleg ille å vere på eigne institusjonar for romaniborn grunna det ekstra negative fokuset dei fekk på seg som taterar (1999, 246-248). Samstundes opplevde fleire av informantane i den same studien at det på ulike måtar vart formidla at dei som taterar var mindreverdige (Sandvik 1999, 254-262). Også Ericsson sin studie av Bjerketun verneskule for jenter, viser at taterar vart skildra særleg negativt i journalar samanlikna med andre, med utgangspunkt i kulturbakgrunnen (1997, 78-79). Vidare kan ein subjektposisjon som tater seiast å ha innebore eit avgrensa handlingsrom på institusjonar gjennom ein sterkt regulert kvardag under oppsyn av tilsette, og streng kontroll og straff dersom ein gjorde noko som var uynskja. Avstraffing skjedde gjerne vilkårleg eller som følgje av bagatellar som til dømes å ikkje vere til stades når det vart ringt inn til måltid, eller å ikkje gjere pliktene sine skikkeleg. Eit særleg forhold som medførte streng straff var å rømme. Sju av informantane fortel at dei rømte frå institusjonar (eller gard) ein eller fleire gonger. Nokre opplevde at dette var det einaste dei kunne gjere i den situasjonen dei var, til dømes som vi ser her: "Hva skulle en gjøre da? Skulle en akseptere å gå rundt der? Skulle jeg det?" Rømning blir ein måte å takle situasjonen på, og kan sjåast som ein måte å markere seg på. Ei mogleg tolking kan vere at vedkomande ikkje ville akseptere forholda han levde under, og rømning vart handlingsalternativet. Ein annan vart flytta rundt på ulike typar institusjonar, men endte som regel opp med å rømme: "Jeg bare dro derfra, hva skulle jeg gjøre der? Altså, det er klart jeg trengte hjelp. Men jeg fikk det jo ikke!" Dette kan sjåast som døme på at rømning var eit av få handlingsmoglegheiter dei opplevde å ha, og som resultat av avgrensa handlingsrom.

Anna motstand mot vaksne autoritetspersonar kan også sjåast som eit uttrykk for lite handlingsrom. Miriam som møtte familien sin i skjul, kan vere eitt døme. Dette var den einaste måten ho fekk møte og halde kontakt med familien slik som ho ynskja. I Svein sitt narrativ kjem motstand tydeleg fram som hans reelle handlingsalternativ, ved at det berre var på den måten han meinte han kunne overleve det han opplevde. Han var for øvrig ikkje på institusjonar, men markerte seg i forhold til lærarar, medelevar og fosterforeldre. Svein fortel om ulike episoder som kan sjåast som at han motsette seg kontrollen og behandlinga som han vart møtt med, til dømes: ”Og jeg tok med meg tre ormer i en posesekk og putta den i bilen hans (*overlærer*). Og jeg så han kjøre bortover veien der. Og han kjørte utfor og hvelva rundt. God dag.” Vidare seier Svein: ”Jeg kunne ikke noe for at jeg ble kriminell, vet du. Jeg ville ikke bli kriminell. Jeg likte ikke å begå kriminelle handlinger eller voldshandlinger eller noe sånt noe. Men jeg måtte jo gjøre noe for å overleve.” Kriminalitet og vald vart altså noko Svein opplevde som naudsynt for å hanskast med situasjonen han stod i, og det kan vise til lite handlingsrom når han eigentleg ikkje ynskta å vere kriminell.

Også rusvanskar gjorde seg gjeldande for eit par informantar, og kan sjåast som svar på lite handlingsrom, i mangel på andre moglegheiter. Vidar uttrykkjer: ”Men det ble jo til at man dopa seg for å sløve seg ned fra systemet og fra samfunnet. Så vi gikk jo der og sniffa 24 timer i døgnet. Sånn holdt vi på den tida.” Dette skjedde etter at Vidar hadde kome ut av Misjonen sin omsorg. For Vidar vart det å ruse seg ein måte han flykta frå samfunnet på og frå det han hadde opplevd i relasjon til systemet, og forsøkte slik å stenge det ute. For han vart det å dope seg ”utvegen”. Ein av dei andre informantane byrja å ruse seg allereie som elveåring, og han ser det som eit resultat av svært vanskelege forhold knytta til institusjonar og forhold til tilsette. For vedkomande vert óg rus eit handlingsalternativ.

I eitt tilfelle var Ragnhild plassert midlertidig på ein institusjon der ho fortel at ho tenkte: ”Hvis jeg skal plasseres her så tar jeg livet mitt. Det hadde jeg gjort altså.” Det var same institusjonen eg tidlegare viste at Ragnhild følte ho ikkje lenger kunne rømme frå fordi straffa ho då fekk var så streng. Forholda på den institusjonen opplevde ho som så ille at ho såg sjølv mord som den einaste utvegen og det einaste handlingsalternativet ho hadde. Ein av informantane fortel óg at fire av venene han vaks opp saman med, tok sjølv mord fordi dei ikkje takla forholda på institusjonen dei var. Sjølv mordstankar og sjølv mord kan ha vore som følge av psykiske vanskar, og ikkje grunna avgrensa handlingsrom. Psykiske vanskar kan óg ha spelt inn i forhold til andre forhold eg har vist i dette delkapitlet. Likevel kan avgrensa

handlingsrom og mangel på andre utvegar vere ein innfallsvinkel til å sjå oppvekstnarrativa. Dette med bakgrunn i at livet på til dømes institusjonar var særst avgrensande gjennom kontroll og strenge reglar, og antakeleg óg gjennom fysisk utforming av bygningar og uteområde.¹³ Omgrepet ”totale institusjonar” som eg har brukt om dei aktuelle institusjonane, er nettopp eit omgrep som skildrar strukturelle avgrensingar (Goffman 1961/1967, 11-18), og som dermed bidreg til avgrensa handlingsrom. Informantane i denne studien skildrar lite fridom til å velgje, både i store og små val, dei blir stilt store krav til og dei hadde lite moglegheit til å påverke situasjonen og vilkåra sine. Dette er viktige forhold for kor stort ein aktør sitt handlingsrom kan sjåast å vere (Schiefløe 2003, 118-119). Det å ha eit avgrensa handlingsrom i den grad vi har sett her, vil eg dermed tenkje kunne vere med å *føre* til psykiske vanskar eller andre utfordringar. Dei hadde få moglegheiter til å kome seg unna den behandlinga dei fekk og å kome seg unna livet på institusjon, i fosterheim eller på gard.

7.3 Forhandling om subjektposisjon

Posisjonering er eit sentralt omgrep i tilknytning til subjektposisjon, og det går på å forhandle om subjektposisjon. Det kan til dømes skje gjennom å ikkje ville godta ein gjeven subjektposisjon og forsøkje å posisjonere seg på ein annan måte gjennom dei narrativa ein fortel (Davies og Harré 1990; Jansen 2013, 48-52; Staunæs 2003, 103). Det å ta opp ein subjektposisjon og gjere den til sin eigen gjennom narrativ viser óg til posisjonering, saman med å bli tilskriven ein subjektposisjon av andre (Davies og Harré 1990). I dette delkapitlet vil eg sjå på nokre døme som viser korleis informantane forhandlar om subjektposisjon, og såleis korleis dei posisjonerer seg gjennom narrativa. Det å forhandle om subjektposisjonane i ein samanheng der dei vart tilskrive ein negativ subjektposisjon, kan sjåast som ein måte å takle undertrykking på, i det dei ikkje vil godta dei nedvurderande kategoriseringane dei vart tilbodne. Korleis dei posisjonerer seg sjølv kan for øvrig vere annleis i notid enn det var i oppveksten, og forteljingane om korleis dei vart kategorisert i oppveksten må sjåast i ljós av at dei i dag ser opplevingane på avstand. Uansett kan subjektposisjon som tilnærming bidra til ein dynamisk måte å sjå på personar og fungere som ein ressurs i det den gjev moglegheita til å forhandle fram nye posisjonar (Davies og Harré 1990). Dette vert ein måte å utfordre ei essenstenking på; som tater *er* ein ikkje mindreverdig, løgnar eller vanskeleg, det var posisjonar dei vart gjevne.

¹³ I eit par-tre intervju kjem det fram at uteområdet på somme institusjonar var sterkt regulerte ved hjelp av murar, gjerder og liknande.

Under *Møte med lokalbefolkninga* viser eg at Svein ikkje var velkomen på skulen fordi han var tater. Svein fortel at han responderte på læraren sitt utsegn: ”Nei, det er bare bra det, sa jeg, så få meg ut da. Jeg vil ikke være her sjølv, jeg.” Dette kan vise at han ikkje ville akseptere ein subjektposisjon som mindreverdige ut i frå å vere tater. Ein kan sjå det slik at han posisjonerte seg som sterk og handlekraftig ved aktivt å opponere mot det han blei utsett for, og som han opplevde som urett. I fleire høve gjekk han til verbale og/eller fysiske motangrep når han opplevde urett. Eit anna døme på det kan vere ein situasjon der han trua ein lærar for å forsvare ei jente:

Men vi hadde en overlærer som het Rolfsen. Han var ikke god. Det var en annen reisende jente der. Som han trua ned på kne og sparka henne rundt i hele klasserommet. Og da hoppa jeg opp på bordet, jeg. Kom hit du, sa jeg til han. (...) Kom hit så skal jeg sparke hue av deg, sa jeg. (Svein).

Også her framstår Svein som handlekraftig. Samstundes er jenta eit offer, og samanhengen sitatet blir fortalt i framstiller dei begge som offer fordi dei var taterar. Dei vart behandla dårleg grunna stigmaet og subjektposisjonen tater.

Audun fortel at han og familien rømte frå Svanviken som svar på dårleg behandling av borna og trussel om omsorgsovertaking.¹⁴ Vidare i intervjuet viser Audun at han i seinare handlingssekvensar fortel om denne hendinga i to tilfelle for å få forståing og hjelp. I det eine tilfellet for å få solgt eit trekkspel så dei får råd til kost og losji på ferda, i det andre tilfellet til ein dommar i den barnevernssaka der styraren ved Svanviken ville fråta dei omsorgsretten. I begge desse tilfella vert Audun trudd på og får hjelp. Dette er døme på at han posisjonerer seg som eit uskuldig offer for ein urimeleg styrar, og det blir grunnlaget for å få hjelp i situasjonen.

Ragnhild si forteljing om korleis ho vart ven med lensmannen kan sjåast som ein illustrasjon på forhandling om subjektposisjon.¹⁵ I staden for å vere tater og dermed ”tjuv og kjeltring” vert ho ein person som får unnskyldning og oppreising, ikkje berre frå lensmannen, men på vegne av lokalbefolkning. I eit anna tilfelle vart Ragnhild sett i varetekt etter å ha rasert Misjonen sitt kontor. Ho skildrar å ha fått empati og forståing frå dei tilsette i fengselet for sinnet sitt mot Misjonen. Dette kan óg sjåast som døme på forhandling om subjektposisjon. Ved å overbevise om at ho ikkje var kriminell, fekk ho forhandla fram ein subjektposisjon

¹⁴ Sjå under *Opphald på ulike barneheimar og institusjonar*.

¹⁵ Les om tjuveriet ho vart anklaga for under *Møte med lokalbefolkninga*.

